

KONSEKVENsutGREIING
VESTLIO, ØREHAUGEN
SØR OG NORD
STORD KOMMUNE

2010

20.12.2010



FORORD

Denne konsekvensutgreiinga er utarbeidd som følgje av eit innspel til kommuneplanen sin arealdel om etablering av nye bustadområde i Nordbygdo, samt noko næring. Innspelet vart levert inn av Plan Vest As på vegne av Prestagarden eigedom og Tyse eigedom. Totalt omfatta innspelet fem ulike delområde i Nordbygdo. Grunna ulike tiltakshavarar har ein funne det mest hensiktsmessig å konsekvensutgreie innspelsområda i to ulike rapportar. Denne rapporten tar for seg dei tre delområda Ørehaug Sør, Ørehaug Nord og Vestlio, mens utbygging på eksisterande travbane og etablering av nytt område for hestesport vert greidd ut i ein eigen rapport (delrapport 2). I tillegg vert bydelssenter vurdert i ei tredje rapport (delrapport 3).

Konsekvensutgreiinga er gjennomført i tråd med tema fastsett av Stord kommune. Totalt har 11 ulike tema vorte granska, og det vart vurdert kva for konsekvens ei arealdisponering i tråd med innspelet vil få. Arbeidet med konsekvensutgreiinga har vore fordelt på fleire ulike firma og fagpersonar for å sikre høg fagleg kvalitet og ei god framdrift. Plan Vest as har vore ansvarleg for koordinering av arbeidet og samanstilling av konsekvensutgreiinga.

Leirvik, 23.09.2010

Plan Vest as

INNHALD

FORORD	2
INNHALD	3
FIGURAR.....	4
TABELLAR.....	5
SAMANDRAG	6
SAMANSTILLING.....	6
1 INNLEIING.....	9
1.1 BAKGRUNN	9
1.2 UTGREIING I HØVE TIL FORKSRIFT OM KONSEKVENSTREIING.....	9
1.3 METODE	10
2 ORGANISERING AV ARBEIDET.....	12
3 OMTALE AV INNSPELET	13
3.1 INNLEIING.....	13
3.2 LOKALISERING OG GJELDANDE PLANSTATUS	13
3.3 BESKRIVING AV INNSPELET.....	14
4 KONSEVENSUTGREIING	16
4.1 FORUREINING	16
4.2 NATURMILJØ.....	17
4.3 FRILUFTSLIV	22
4.4 KULTURMINNE – KULTURMILJØ.....	27
4.5 LANDSKAP	35
4.6 JORDRESSURSAR.....	41
4.7 SAMORDNA AREAL- OG TRANSPORTPLANLEGGING.....	46
4.8 TILGJENGE TIL UTEOMRÅDE OG GANG- OG SYKKELVEGNETT.....	56
4.9 NÆRLEIK TIL GOLFBANE	60
4.10 BARN OG UNGES OPPVEKSTVILKÅR.....	63
4.11 INFRASTRUKTUR.....	66
5 OPPSUMMERING OG SAMANSTILLING	69
SAMANSTILLING.....	69

FIGURAR

Figur 3.1: Lokalisering av planområdet	13
Figur 3.2: Arealdelen slik den er i gjeldande kommuneplan, samt markering av dei aktuelle områda med blått	13
Figur 3.3: Idéskisse over arealdisponering Vestlio, Ørehaug Nord og Ørehaug Sør	14
Figur 4.1. Flyfoto over området. Delområda er skissert inn	18
Figur 4.3. Hogstflata. Ein kan sjå pionerartar på hogstflata og deler av det tidlegare plantefeltet i kantsona retning mot Vestlivegen. Bileta er teke frå sør mot nord.	19
Figur 4.2. Venstre: Bilete av område for grasproduksjon. Det nye bustadområdet vert liggjande tett opp til eksisterande bustadar. Midten: Bilete av område med eiketre. Planområdet er lokalisert på austsida av turstien, og golfbana på vestleg side. Høgre: Bilete syner blanda vegetasjon på nordre del av planområdet. ...	19
Figur 4.4: Bilete av eikelunden på kollen midt i planområdet.	20
Figur 4.5: Orienteringskart som viser området med plangrense.	22
Figur 4.6: Kart som viser Statlig sikra friluftsliv i Ådland og Hystad området. Områda er merka med blå skravor.	23
Figur 4.7: kart som viser tverrgardsveg frå Samhald , via Lundemannsverk og Tveita til E39.	24
Figur 4.8: Flyfoto over Tyse, Ådland og Vestlio	24
Figur 4.9: Bilete som syner trimløype liggande inntil Vestlio.....	25
Figur 4.10: Tursti i Ådlandsskogen.	25
Figur 4.11: Leirplass i Ådlandsskogen.....	25
Figur 4.12: Oversikt over kulturmiljøa (nr 1-7). Raus stipla strek syner influensområdet. Blå skravert område syner innspelsområda (kart Miljodata.no).....	28
Figur 4.13: Bilde: Kullgropene er etablert i skogholtet, inne på golfbana. Skisse over innspelsområde og kulturminne markert som spesialområdet vern i "reguleringsplan for Prestagarden og golfbane Tyse gnr. 22, bnr. 1" frå 2003.	30
Figur 4.14: Utsikt frå Nordre Tveita gard over innmarka. Steingard mellom Vestli og Øvre Ådland.	32
Figur 4.15: Nokre av bygningane på Nordre Tveitagardane.	33
Figur 4.16: Registreringsområdet for landskapsanalysen med gul stipla linje.	36
Figur 4.17: Flyfoto som viser området Vestlio med hoggflaten i midten.....	38
Figur 4.18. Kart over markslag i områda Ørehaug Sør og Ørehaug Nord, Ar5. Planområdet er skissert.	41
Figur 4.19. Venstre: Del av den dyrka marka som vert nytta til grasproduksjon. Høgre: golfbana med tilhøyrande bygningsmasse.	42
Figur 4.20: Kart over markslag i Vestlio, Ar5.	43
Figur 4.21. Bilete av skogområdet som ligg i skråning mot Vestlivegen i vest. Spor etter hogstfeltet med sitkagran.....	43
Figur 4.22: Planlagde bustadområde i forhold til kjerneområde for jordbruk.....	44
Figur 4.23: Trafikkulykker Vestlivegen (kilde: nasjonal vegdatabank).	47
Figur 4.24: Tettstadsareal Stord kommune.....	50
Figur 4.25: Eksempel på økonomiske forskjellar ved å etablere busslinje som forlenging/forsterking av eksisterande linje eller ei heilt ny linje.....	51
Figur 4.26: Kollektivhaldeplassar. Haldeplass langs Vestlivegen er hovudsakeleg for skuleruter.	52
Figur 4.27: Oversikt over strekningar med tilfredstillande løysingar for sykkel og strekningar med tiltaksbehov.	53
Figur 4.28: Forslag til samanhengande sykkelvegnett i Stord kommune, Nordbygdo bydel. Planområda er teikna inn med blått.	54
Figur 4.29: Aksjonsradius ulike aldersgrupper.	56
Figur 4.30: Kart over turveggar og turområde Nordbygdo. Det planlagde bustadområde er teikna inn med gult.	57
Figur 4.31: Anbefalte avstandsnormer (kilde: Norsk golfforbund).	60

Figur 4.32: Arealinnspelet for Ørehaug Sør og Ørehaug Nord med markering av avgrensing av spelefelt for golf i høve til anbefalte avstandsnormer frå Norsk golf forbund. 61

TABELLAR

Tabell 1.1: Eksempel på moglege vurderingar på oversikts- og detaljnivå	10
Tabell 4.1: Erfaringstal turproduksjon (Kjelde: Handbok 146 Trafikkberekningar).....	48
Tabell 4.2: Turproduksjon Vestlio.	48
Tabell 4.3: Turproduksjon Ørehaug Sør.	48
Tabell 4.4: Turproduksjon Ørehaug Nord.	48
Tabell 4.5: Samla turproduksjon.	48
Tabell 4.6: Fordeling av trafikkmengde på vegnettet.	49
Tabell 4.7: Prinsipp for utforming av gang- og sykkelvegnett.....	52

SAMANDRAG

Dette innspelet omfattar areal til bustader på tre ulike areal i Nordbygdo; Vestlio, Ørehaug Nord og Ørehaug Sør. Dette innspelet var eit av fleire innspel til revisjon av kommuneplanens arealdel. Dei ulike innspela vart behandla av Formannskapet 17. februar 2010, og innspelet om utbygging i Nordbygdo vart på dette møtet vurdert til å kunne bidra til å dekke behovet for bustader i denne delen av kommunen. Det vert og peikt på ein del problemstillingar rundt ei slik utbygging som reduksjon av areal til landbruk og idrett og friluftsliv, samt nærleik til golfbana. Formannskapet ønskte difor at det vart utarbeidd ei konsekvensutgreiing for dei aktuelle områda.

Konsekvensutgreiingar på kommuneplannivå skal i følgje rettleiaren til Forskrift om konsekvensutgreiingar ha fokus på utgreiing på oversiktsnivå, heilskap meir enn enkeltområde, og lokalisering. Andre spørsmål krev gjerne meir detaljert informasjon om tiltaket for å kunne utgreiast, og slike problemstillingar høyrer heime på eit seinare planstadium i ein områdeplan eller reguleringsplan. Dette er og noko av bakgrunnen for at me har nytta ein tredelt skala for vurdering av konsekvens:

- Positiv konsekvens (+)
- Inga konsekvens (0)
- Negativ konsekvens (-)

Det er vurdert konsekvens for kvart av dei tre delområda; Vestlio (V), Ørehaug Sør (Ø.S.) og Ørehaug Nord (Ø.N.). For kvart tema har me og vurdert moglege avbøtande tiltak eller retningslinjer/føringar for den vidare planlegginga av området for å redusere negative konsekvensar. Plannivået er overordna og vurderingane i konsekvensutgreiinga er basert på den arealbruken som er foreslått for området og lokaliseringa av desse arealføremåla i høve til eksisterande situasjon. I den vidare planlegginga av området er det mogleg å kompensere for ein rekke av dei negative konsekvensane gjennom ulike tiltak. Me har difor på bakgrunn av dei føreslåtte avbøtande tiltaka/retningslinjer/føringar gjort ein ny vurdering av konsekvens basert på at alle desse tiltaka vert gjennomført. Utfordringa vidare vert å implementere desse i detaljplanlegginga for området.

SAMANSTILLING

Totalt 11 tema inngår i konsekvensutgreiinga. Desse er delt inn etter to hovudtema; miljø og samfunn. For tema som inngår under miljø er det ein del negative konsekvensar. Dette er ikkje overraskande, og noko ein må forvente ved utbygging av eit ubyggd område. Samstundes gjer dei ulike delutgreiingane vurderingar knytt til korleis dei negative konsekvensane kan reduserast og som vil vere viktig å ta med seg i den vidare detaljplanlegginga av området.

For dei ulike tema under samfunn er det både positive og negative konsekvensar. Dei positive konsekvensane er i fyrste rekkje knytt til barn og unges oppvekstvilkår og tilgjenge til uteområde. Negative konsekvensar er i stor grad knytt til ulike problemstillingar knytt til transport og reduserte ekspansjonsmoglegheiter for Nordbygdo idrettsanlegg.

Tabellen på dei to neste sidene samanstill konsekvensane knytt til kvart tema. Konklusjonen for kvart tema er vist med + (positiv), 0 (inga) eller - (negativ) konsekvens. Tabellen syner og forslag til avbøtande tiltak/føringar for vidare planlegging som kan redusere dei negative verknadene av ein utbygging, samt vurdering av ny konsekvens basert på at alle desse tiltaka vert implementert i den vidare planlegginga av området og gjennomført. Tabellen er todelt der den eine delen syner konsekvensar knytt til miljø, mens den andre delen syner konsekvensar knytt til samfunn.

Miljø	Konsekvensar	V	Ø.S.	Ø.N.	Avbøtande tiltak/føringar og ny konsekvens	
Forureining					•	
Naturmiljø	<ul style="list-style-type: none"> 0 Ingen registrering av prioriterte naturtyper innanfor eller i influensområdet til planområdet 0 Ikkje registrert raudlista artar innanfor planområdet, jf. offentlege databasar 0 Planframlegget vil ikkje hindra jaktutøving eller trekkvegar for hjort - Direkte arealbeslag og reduksjon av leve-/funksjonsområde for flora og fauna. - Deler av dei to områda med eiketre innanfor planområdet Ørehaug Sør og Ørehaug Nord, vil verta redusert. 	-	-	-	<ul style="list-style-type: none"> • Ta vare på eksisterande kantvegetasjon ved delområda Ørehaug Sør og Ørehaug Nord • Avsette eit vegetasjonsbelte mellom ny busetnad og Vestlivegen, som vil fungera som ein korridor for vilt og flora for Vestlio • For Ørehaug Nord og Ørehaug Sør bør ein ta vare på eiketrea i kantsona i nord, samt nærmast turstien på delområda • Fokus på tynning, beskjerjing og avlastning for trekrona, i staden for fjerning av tre. 	-
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> 0 Auka bruk vil gje redusert attgroing i skogsmiljøet - Nærleik mellom aktivitets-, natur- og friområde og bustadar kan gje auka bruk og større slitasje - Nærleik mellom bustadar og idrettsanlegg kan bandlegga ekspansjonsmoglegheiter til anlegg - Ei fortetting av bustadar i nærleik til aktive anlegg og friområde innskrenkar randsonene i mellom bustad og natur-/ friluftsområde. 	0/-	0	0	<ul style="list-style-type: none"> • Der bustadområda kjem til å ligge over gamle tur- og stiareal, kan det vere behov for å lage til nye stiar i grøntområder og randsoner. • For å hindre slitasje på natur kan ein tilrettelegge opparbeidde turstiar og avgrensa turvegar for å begrense slitasje og auke tilgjengelegheita for alle 	0
Kulturminne - kulturmiljø	<ul style="list-style-type: none"> 0 Vestlio, Ørehaug Sør og Ørehaug Nord har ingen konsekvens for Gamle Tyse gard 0 Vestlio og Ørehaug Sør har ingen konsekvens for Tyse Prestagard 0 Vestlio, Ørehaug Sør, Ørehaug Nord har ingen konsekvens for automatisk freda kulturminne 0 Vestlio har ingen konsekvens for Valdaivegen 0 Ørehaug Nord og Ørehaug Sør har ingen konsekvens for Vestli 22/7 0 Ørehaug Sør har ingen konsekvens for kulturlandskapet 0 Ørehaug Sør og Vestlio har ingen konsekvens for nordre Tveita gardane 0/- Ørehaug Nord og Ørehaug Sør har visuell konsekvens for Valdaivegen 0/- Vestlio har visuell konsekvens for Vestli 22/7 0/- Ørehaug Nord har visuell konsekvens for kulturlandskapet 0/- Ørehaug Nord har visuell konsekvens for nordre Tveita gardane 0/- Ørehaug Nord har visuell konsekvens for Tyse Prestagard - Vestlio øydeleggje steingard i kulturlandskapet 	-	0	0/-	<ul style="list-style-type: none"> • Unngå øydelegging av steingard i innspelsområdet Vestlio. • Ikkje etablering av bygg med fleire etasjar i innspelsområdet Ørehaug Nord. Etablering på eit platå vil verka dominerande for både kulturlandskapet og kulturmiljø som Prestagarden, Valdaivegen og Tveita gardane. 	0/-
Landskap	<ul style="list-style-type: none"> + Ved Ørehaug Nord og Ørehaug Sør bevarast dei store trea og terrengformasjonen mot golfbana, samt grøntbelte mellom bustadområda og bana + Bustadområda Ørehaug Nord og Ørehaug Sør er godt tilpassa i det at dei ligg ved sidan av eksisterande bustadområde. - Tiltaket fører til meir utbygd areal som aukar den negative kontrasten i landskapet mellom kultur-/naturlandskap og moderne bylandskap. - Vestlio er ikkje godt tilpassa til dei eksisterande bustadområda 	-	-	-	<ul style="list-style-type: none"> • Utforming av grøntbeltet ved Ørehaug Nord og Ørehaug Sør med omsyn til turvegen, og sjå til at det er tett nok til å skjerme for golfbana og dei opne områda mot vest • Reduksjon i utnyttingsgrad til spreidd busetnad, og bevare mest mulig vegetasjon • Etablering av ny vegetasjon på hoggflata som i hovudsak består av skog ved Vestlio for å dempe den negative effekten 	-
Jordressursar	<ul style="list-style-type: none"> 0 Ingen skogressursar går tapt for Ørehaug Sør og Ørehaug Nord 0 Ingen jordbruksressursar går tapt for Vestlio 0 Ørehaug Nord og Vestlio grensar til, men er ikkje definert som kjerneområde for landbruk - Avgang fulldyrka mark og innmarksbeite for Ørehaug Sør og Ørehaug Nord - Avgang areal med potensial for etablering av produktiv barskog på mark av særst høg bonitet Vestlio - Ørehaug Sør er definert som kjerneområde for landbruk 	-	-	-	<ul style="list-style-type: none"> • Ingen aktuelle avbøtande tiltak 	-

Samfunn	Konsekvensar	V	Ø.S.	Ø.N.	Avbøtande tiltak/føringar og ny konsekvens	
Samordna areal- og transport-planlegging	<ul style="list-style-type: none"> + Det er fleire viktige funksjonar innanfor gang- og sykkelavstand frå det planlagde bustadområdet + Ørehaug Sør og Ørehaug Nord ligg innanfor norma for avstand mellom haldeplass og bustadområde + Ørehaug Sør og Ørehaug Nord ligg innanfor tettstadarealet og kan verte betrakta som fortetting + Ørehaug Sør og Ørehaug Nord har god tilkomst til fortausløysingar langs Vestliven (aust) og Hystadvegen/Rommetveitvegen - Ørehaug Sør og Ørehaug Nord medfører i lite grad auka trafikk på lokalvegnettet, men det bør etablerast fortausløysingar langs Ørehaugsvegen - Vestlio ligg utanfor tettstadsarealet, i eit ubygd område - Eksisterande kollektivtilbod kan ikkje betene det nye bustadområdet i Vestlio - Manglande løysingar for gåande og syklande langs Vestliven, og mot Haga, Rommetveit og Leirvik - Vestlio medfører noko auka trafikk som kan medføre ytterligere fare for fleire ulykker - Vestlio medfører auka trafikk i kryss mellom E39 og fv. 58 som kan medføre fleire ulykker i krysset 	-	-	+	<ul style="list-style-type: none"> • Omlegging av bussruter og etablering av nye haldeplassar slik at Vestlio vert tilgjengeleg med kollektivtrafikk, utan at det går utover eksisterande ruteilbod • Sikre gode løysingar for gåande og syklande mot viktige målpunkt der det ikkje er tilfredsstillande i dag • Redusere fartsgrense langs fv. 58 Vestliven frå 70 km/t til 50/60 km/t. • Redusert fartsgrense frå 50 km/t til 40 km/t og etablere miljøgategatiltak i Hystadvegen og Rommetveitvegen, med sykkelfelt og eit utbetra tilbod for gåande. Dette vil redusere gjennomkjøringstrafikken og sikre dei mjuke trafikantane langs denne strekninga. • Undergang /overgang E39 og opphøyd gangfelt Vestliven • Krysset mellom fv. 58 Vestliven og E39 må vurderast. Tiltak er nødvendig for å redusere talet på ulykker. 	+
Tilgjenge til uteområde	<ul style="list-style-type: none"> + Tilgang til universelt utforma turveg i nærområdet til det planlagde bustadområdet + God tilgang til turveg og turområde + Grøne korridorar og turveg knytter det planlagde bustadområdet saman med turområde som Ådlandsvatnet, Vatnadalen og Hundsåsen + Fleire utandørs aktivitets- og fritidstilbod i nærområda 0 Planen vil ikkje føre til endra tilgjengelegheit til omkringliggjande turområde - Kryssing av vegar og ferdsel langs vegar utan tilrettelagde løysingar utgjør barrierar for bruk 	+	+	+	<ul style="list-style-type: none"> • Redusere vegars barrierefunksjonar gjennom etablering av opphøgd gangfelt Vestliven, undergang E39 og fortau/gang- og sykkelveg langs Vestliven og E39. • Sikre universell tilkomst, bygningar og infrastruktur i den vidare planlegginga 	+
Nærleik til golfbane	<ul style="list-style-type: none"> + Nærleik til eit attraktivt aktivitetsstilbod + Golfbana er eit mykje brukt område for skigåing og aking om vinteren - Risiko for at golfballar vert slått slik at dei hamnar innanfor bustadområde på Ørehaug Nord - Oppleving av utryggleik for bebuarar på Ørehaug Nord knytt til bruk av både private og felles uteområde 	+	+	-	<ul style="list-style-type: none"> • Tryggleiknett der vegetasjonen ikkje er høg og tett nok til å stoppe golfballar, og der det ikkje er tilstrekkeleg bufferavstand mellom bustadområde og golfbane. • Gjerde mellom golfbane og bustadområde for å sikre at barn og unge ikkje nyttar området til leikeområde 	+
Barn og unges oppvekst-vilkår	<ul style="list-style-type: none"> + Svært god tilgjenge til attraktive og varierte natur- og kulturområde + Skule- og idrettsområde i Prestegardsskogen er opparbeidd som eit nærmiljøanlegg med svært god tilrettelegging for både organisert og uorganisert aktivitet for barn og unge + Barne- og ungdomsskule og barnehagar ligg tett på planområda - Det er ikkje gjennomført barnetråkkundersøking, område innanfor planområdet som er nytta av born og unge i dag er ikkje kartlagt - Det er i dag ikkje tilstrekkeleg gode gang- og sykkelveggar til Rommetveit skule 	+	+	+	<ul style="list-style-type: none"> • Det må setjast fokus på at type næringsaktivitetar skal vera tilpassa nærområde med skule/barnehage og bustad • Fokus på trafikktryggleik, det er føresetta planfri overgang frå bustadområde på nordsida av Vestliven som tilkomst til skular og idrettsanlegg 	+
Sosial infrastruktur	<ul style="list-style-type: none"> + Nærleik til skule og barnehage + Eksisterande skular har samla sett kapasitet til å absorbere tilflytting + Lokale aktivitetsstilbod og friluft- og idrettsanlegg gjer området attraktivt 0/- Vestlio vil redusere friområde ved Prestegardsskogen idrettspark, og i utgangspunktet redusere høve for framtidig utviding av idrettsanlegget 	+	+	+	<ul style="list-style-type: none"> • Ingen aktuelle avbøtande tiltak 	+
Anna kom.tekn. infrastruktur	<ul style="list-style-type: none"> 0/- Vassforsyning: Delvis manglande forsyningskapasitet 0/- Avlaup: Delvis manglande avlaupskapasitet 0/- Energi: Hovudnett i området – forsyningsnett manglar delvis 0/- Data/tele: Manglar i dag delvis men vert framført uavhengig av ny arealbruk Nordre og sørre Ørehaug kan pga sitt beskjedne omfang knytast til eksisterande infrastruktur 	-	+	+	<ul style="list-style-type: none"> • Ny forsyningsleidning opp langs Vestliven frå E39. • I same grøft (vassforsyning) langs Vestliven må det leggest ny avlaupsleidning til pumpestasjon ved Ådlandsvatnet. Dette nettet vil kunne dekke all utbygging for Vestlio og Ørehaug. • Ny hovudstruktur må etablerast – løysing uavklart. • Denne type datanett/breiband fins i området og må leggest i nye grøfter saman med anna infrastruktur fram til omr. Slike nett fins i omr. ved Ørehaug. 	+

1 INNLEIING

1.1 BAKGRUNN

På bakgrunn av fleire omfattande og spesielle arealinnspel gjorde Formannskapet i 2008 eit vedtak om revidering av kommuneplanen. Det vart også fastlagt at hovudvekta for revideringa skulle leggjast på arealdelen. Bakgrunnen for dette var at det i samband med kommuneplanrevideringa i 2006 vart gjennomført ein brei og omfattande prosess for å få grunnlag for satsingsområde, mål og tiltak for samfunnsdelen.

Totalt vart det levert inn 24 innspel frå private utbyggjarar og grunneigarar om endringar i arealdelen, deriblant eit innspel som omfattar fem ulike delområde i Nordbygdo. Denne konsekvensutgreiinga tar for seg tre av desse områda og vurderer konsekvensane av å etablere bustadområde her.

Innspela vart gjennomgått på eit møte i Formannskapet 17. februar 2010, og innspelet om utbygging i Nordbygdo vart på dette møtet vurdert til å kunne bidra til å dekke behovet for bustader i denne delen av kommunen. Det vert og peika på ein del problemstillingar rundt ei slik utbygging som reduksjon av areal til landbruk og idrettsanlegg og nærleik til golfbana. Formannskapet ynskje difor at det vart utarbeid ein konsekvensutgreiing for dei aktuelle områda.

1.2 UTGREIING I HØVE TIL FORSKRIFT OM KONSEKVENsutREIING

I høve til Forskrift om konsekvensutgreiing § 2-b skal kommuneplanens arealdel alltid behandlast etter forskrifta.¹ Berre dei delane av planen som fastset rammer for framtidig utbygging og som inneber endringar i høve til gjeldande plan skal utgreiast. Utlegging av landbruks- og friområde til utbyggingsføre mål som er tilfellet for innspelet om bustadbygging i Vestlio, Ørehaug Nord og Ørehaug Sør kjem inn under denne forskrifta.

Rettleiar til Forskrift om konsekvensutgreiingar legg vekt på at innhaldet i ei konsekvensutgreiing skal tilpassast plannivået.² Konsekvensutgreiinga skal ifølgje forskrifta ha fokus på beslutningsrelevante konsekvensar. For utbyggingsområde der viktige dimensjoneringsforhold ikkje er kjent vil det ikkje vere mogleg med detaljerte konsekvensutgreiingar. Spørsmål som høyrer heime i reguleringsplanar, skal ifølgje rettleiaren ikkje inngå i konsekvensutgreiing på kommuneplannivå. Dette er då forhold som må verte knytt opp mot detaljplanlegginga av området.

Oversiktsplanar skal leggje vekt på:

- Utgreiing på oversiktsnivå
- Heilskap meir enn enkeltområde
- Vurdering av alternative lokalitetar

Dømer på ulike vurderingar og problemstillingar på oversikts- og tiltaksnivå er trekt frem i tabell 1.1:

¹ Miljøverndepartementet. 2009. Forskrift om konsekvensutredninger 2009-06-26 nr 885

² Miljøverndepartementet. 2006. Forskrift om konsekvensutredninger – planlegging etter plan- og bygningsloven. Veileder – versjon mai 2006. Oslo: Miljøverndepartementet

Fylkesdelplan, kommuneplanens arealdel; overordna vurderingar	Detaljplan; vurderingar på tiltaksnivå
<i>Generelle forhold:</i>	
Alternativ lokalisering er eit viktig tema. Spørsmål om utforming av tiltaket er ikkje relevant.	Lokalisering er normalt ikkje eit diskusjonstema (avgjerast i oversiktsplan). Spørsmål knytt til (alternativ) utforming og tilpassing til omjevndane er relevant.
Føreliggande kunnskap er normalt tilstrekkeleg. Innhenting av ny kunnskap avgrensast til det som er beslutningsrelevant.	Kunnskap om verknadene av det aktuelle tiltaket finst ikkje. Det vil normalt vere behov for å innhente ny kunnskap.
<i>Eksempel på type problemstillingar:</i>	
At det (sannsynlegvis) vert endringar i omfang og utbreiing av støy	Kor mange personar som vert råka av endra støynivå, og utbreiing
At det vil oppstå konflikter med verna vassdrag, regional grønstuktur osv er sannsynleg	Konkrete vurderingar av inngrepa: kven og kva går det ut over, korleis konflikten kan avgrensast osv.
At kjente kulturmiljø vert råka, eventuelt med karakteristikk av viktighet og konfliktpotensial	Kva for kulturmiljø og – minner som vert råka. Behov for betre kartlegging og konkrete beskrivingar.
At transportmønsteret vert endra. Overordna karakteristikk av endringa, mht. Reisemiddelval og vegval, herunder også fysisk aktiv transport som sykkel/gange. Ofte behov for ein transportmodell	Meir detaljerte vurderingar av korleis vegtrafikken fordeler seg på lokalvegnettet. Vurdering av effektar av parkeringsbegrensingar. Tilkost til ulike transportmiddel.
At tilgjengelegheita for ulike befolkningsgrupper endrast	Korleis lokalisering og terreng påverkar tilgjengelegheita etter prinsipp om universell utforming, korleis tilgjengelegheita kan forbetrast
At areala ligg i utsette område for flom eller ras	Meir detaljerte utreiingar av ras-/flomfare, korleis uforminga av tiltaket kan påverke faren, avbøtande tiltak.

Tabell 1.1: Eksempel på moglege vurderingar på oversikts- og detaljnivå³

1.3 METODE

Ifølgje rettleiaren skal konsekvensutgreiingar så langt som mogleg basere seg på føreliggande kunnskap og oppdatering av denne. Innhenting av ny kunnskap skal avgrensast til det som er relevant i høve til behandling av planen. Vurdering av konsekvensar av forslag til endra arealbruk bør i følgje rettleiaren ta utgangspunkt i relevante nasjonale, regionale og lokale mål for miljø- og samfunnsutviklinga (til dømes rikspolitiske retningslinjer, fylkesdelplanar, kommunale planar).

Handbok 140 Konsekvensanalysar er i fyrste rekkje retta mot konsekvensanalysar av veg- og transportprosjekt, samstundes som den berre omhandlar eit fåtal av dei tema som inngår i denne konsekvensutgreiinga.⁴ Ny forskrift om konsekvensutgreiingar (26. juni 2009) legg stor vekt på samfunnsmessige forhold som ikkje er inkludert i handboka. Det er korkje hensiktsmessig eller formålsteneleg å nytte handboka si vurdering av verdi, omfang og konsekvens for desse tema. Samstundes er denne konsekvensutgreiinga på eit overordna nivå og ei rekkje detaljer er ikkje avklart, noko som gjer det vanskeleg å gjere ei finmaska vurdering av konsekvensar som handboka legg opp til. I denne konsekvensutgreiinga er det difor nytta ein tredelt skala for vurdering av konsekvens:

- Positiv konsekvens (+)
- Inga konsekvens (0)
- Negativ konsekvens (-)

Vurdering av konsekvens er gjort med utgangspunkt i dagens situasjon; 0-alternativet. I dette alternativet ligg ein antaking om ein vidareføring av dagens situasjon der dagens arealbruk vert vidareført. For kvart tema vert det gitt ein beskriving av eksisterande tilhøve og ein vurdering av kva for konsekvensar endra arealbruk i samsvar med foreslått arealbruk for dei tre områda Vestlio, Ørehaug Sør og Ørehaug Nord vil få. Vurderingane er gjort ut i frå idéskissa og dei arealføremåla som er definert i denne. Nærare beskriving av datagrunnlag

³ Miljøverndepartementet. 2006. Forskrift om konsekvensutredninger – planlegging etter plan- og bygningsloven. Veileder – versjon mai 2006. Oslo: Miljøverndepartementet

⁴ Statens vegvesen. 2006. Håndbok 140 Konsekvensanalyser. Oslo: Statens vegvesen

føreligg under dei enkelte temakapitla (sjå kapittel 4). Det er gjort ein vurdering av samla konsekvens ein utbygging av dei tre delområda vil få. For enkelte tema vil konsekvensen for delområda vere ulik. Der dette er tilfellet vil det i tillegg vurderast konsekvens for kvart av delområda.

For kvart tema har me og vurdert moglege avbøtande tiltak eller retningslinjer/føringar for den vidare planlegginga av området for å redusere dei negative konsekvensane. Plannivået er overordna og vurderingane i konsekvensutgreiinga er basert på den arealbruken som er foreslått for området og lokaliseringa av desse arealføremåla i høve til eksisterande situasjon. I den vidare planlegginga av området er det mogleg å kompensere for ein rekke av dei negative konsekvensane gjennom ulike tiltak. Me har difor på bakgrunn av dei føreslåtte avbøtande tiltaka/retningslinjer/føringar gjort ein ny vurdering av konsekvens basert på at alle desse tiltaka vert gjennomført.

I planprogrammet for revidering av kommuneplanen er det definert kva for tema som bør inngå i ei konsekvensutgreiing. Totalt skal 17 ulike tema verte beskrive og vurdert kva for verknader tiltaket vil ha. Ikkje alle desse tema er relevante for dei tre innspelsområda, og det er i samråd med kommunen gjort ein avgrensing av kva tema som er aktuelle å utgreie. Under følgjer ei oversikt over dei tema som inngår i denne konsekvensutgreiinga:

- | | |
|----------------|--|
| MILJØ | 1. Forureining |
| | 2. Naturmiljø |
| | 3. Friluftsliv |
| | 4. Kulturminne – kulturmiljø |
| | 5. Landskap |
| | 6. Jordressursar |
| <hr/> | |
| SAMFUNN | 7. Samordna areal- og transportplanlegging |
| | 8. Tilgjenge til uteområde |
| | 9. Nærleik til golfbane |
| | 10. Barn og unges oppvekstvilkår |
| | 11. Infrastruktur |

2 ORGANISERING AV ARBEIDET

Utgreiingsarbeidet har vore fordelt på fleire ulike firma for å sikre at dei ulike tema vert utreda av kompetente fagpersonar, samt ei god framdrift. Tabellen under syner ei oversikt over dei ulike utgreiingstema som inngår i konsekvensutgreiinga, og dei ansvarlege firma og fagpersonar. Plan Vest as har vore ansvarleg for koordinering av arbeidet og samanstilling av konsekvensutgreiinga.

TEMA	ANSVARLEG
Forureining	J. Tufteland as v/Øystein Tufteland
Naturmiljø	Plan Vest v/ Pål Hystad og Akvator v/Turid Verdal
Friluftsliv	Plan Vest v/ Pål Hystad
Kulturminne – kulturmiljø	Akvator v/Nina Skjerping
Landskap	Plan Vest v/ Daniel Tallarek
Jordressursar	Plan Vest v/ Pål Hystad og Akvator v/Turid Verdal
Samordna areal- og transportplanlegging	Plan Vest v/Bente Beckstrøm Fuglseth og Terje Vikestrand
Tilgjenge til uteområde	Plan Vest v/Bente Beckstrøm Fuglseth
Nærleik golfbane	Plan Vest v/Bente Beckstrøm Fuglseth
Barn- og unges oppvekstvilkår	Akvator v/Karoline Eldøy
Infrastruktur Sosial infrastruktur Anna infrastruktur	Akvator v/Svein Andersland
	J. Tufteland as v/Øystein Tufteland

3 OMTALE AV INNSPELET

3.1 INNLEIING

Innspelet omfattar tre ulike område i Nordbygdo; Vestlio, Ørehaug Nord og Ørehaug Sør. Områda er i dag ikkje utbygd, og er i gjeldande kommuneplan sett av som friområde og LNF-område. Spesielt Ørehaug Sør og Ørehaug Nord er små område, men saman kan disse tre områda gje rom for omlag 130 bustader i Nordbygdo.


3.2 LOKALISERING OG GJELDANDE PLANSTATUS

Områda som er omfatta av innspelet er lokalisert i Nordbygdo, nord for Vestlivegen og aust for E39. Sjå figur 3.1 for nøyaktig lokalisering av områda.



Figur 3.1: Lokalisering av planområdet

Figur 3.2 syner dei tre områda som er omfatta av innspelet i høve til gjeldande kommuneplan; Vestlio, Ørehaug Sør og Ørehaug Nord. Ørehaug Sør og Ørehaug Nord ligg innafør det som er definert som LNF-område, mens Vestlio ligg innafør friområde i tilknytning til Prestagardsskogen idrettsanlegg.



Figur 3.2: Arealdelen slik den er i gjeldande kommuneplan, samt markering av dei aktuelle områda med blått

3.3 BESKRIVING AV INNSPELET

Figuren under syner ei idéskisse over den arealdisponeringa ein ønskjer for dei aktuelle områda i Nordbygdo. Som det kjem fram av figuren dreier det seg om tre ulike område til bustadføremål.



Figur 3.3: Idéskisse over arealdisponering Vestlio, Ørehaug Nord og Ørehaug Sør

3.3.1 Vestlio

Området ligg sør for Vestlivegen, rett ved Prestagardsskogen idrettsanlegg, og er på 27 daa. Reguleringsplanen for Nordbygdo skule og idrettsanlegg frå 2001 omfatta mellom anna området Vestlio. I denne planen vart gnr/bnr 22/1 regulert til friområde. Her var det ynskje om å etablere ulike aktivitetar som hoppbakkar, skatebanar og fleirbrukshall. Ingen av disse prosjekta er i dag realiserte. Realisering av planane krev at kommunen løyser inn området, og dette har ikkje skjedd. Området vert i dag i liten grad nytta som friområde, med unntak av Prestagardsskogen barnehage sin kultursti som går gjennom delar av dette området.

I innspelet ynskjer ein å behalde halve gnr/bnr 22/1 som friområde slik at det vert mogleg å utvide idrettsanlegget om det skulle verte behov. På den andre delen av området ynskjer ein å etablere eit bustadområde. Her ser ein for seg konsentrert busetnad, trekt godt ned i terrenget slik at den ikkje dominerer landskapsbilde sett frå aust. Desse bustadene vil verte liggjande attraktivt i vesthellinga, med fritt utsyn og gode soltilhøve.

3.3.2 Ørehaug Sør og Ørehaug Nord

Områda ligg vest for fv. 61 Rommetveitvegen. Ørehaug Sør er på 7 daa, mens Ørehaug Nord er på 3 daa. Områda er i dag ikkje utbygd eller oppdyrka og er vekst til med lauvtre, buskar og kratt. Dei ligg inntil eksisterande busetnad, med utsyn mot golfbana. Mellom golfbana og områda går ein tursti som erstattar

tidlegare eldre veg gjennom golfbana. Tidlegare har det gått ei høgspenlinje gjennom dette området, men denne er no demontert og flytta. Dette området ligg slik til at det enkelt kan knytast til eksisterande infrastruktur i det tilstøytande bustadområdet mot aust.

I desse områda er det tenkt konsentrert busetnad med middels høg til høg utnytting i form av tun og terrassebygg/lågblokk. Disse vil liggje i tilknytning til det eksisterande bustadfeltet, og vil vere tilbaketrekt frå turstien. Eit grønt belte langs turstien vil verte verna for at verdien som rekreasjonsområde skal verte bevart. I tillegg vil eit vegetasjonsbelte innafor området verte sett av som buffer mellom busetnaden og golfbana for golfballar på avvege.

4 KONSEVENSUTGREIING

4.1 FORUREINING

4.1.1 Avgrensing og datagrunnlag

4.1.2 Vassbalanse og avløp

4.1.3 Vurdering av konsekvens

+ 0 -

Konklusjon:

Avbøtande tiltak:

Konsekvens av planforslaget med gjennomføring av avbøtande tiltak:

4.2 NATURMILJØ

4.2.1 Avgrensing og datagrunnlag

Dei ulike tema skal så langt råd er utgreiast med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, samt synfaring. Vurderingane er avgrensa til sjølve planområdet med tilhøyrande influensområde.

Det er nytta ein 3-delt skala for å angi konsekvens, positiv (+), inga (0) eller negativ (-) konsekvens. På denne overordna tiltaksframstillinga vert omfanget basert på prosjektforslaget slik det føreligg pr. i dag. Det vert ikkje gjort nyansar innanfor dei ulike føremålsområda i tiltaket.

Datagrunnlag nytta i utgreiinga:

- Viltet på Stord. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. Steinsvåg og Overvoll, 2004.
- Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Fitjar og Stord. Moe og Fadnes, 2008.
- Kartlegging av amfibier i Stord og Fitjar- kommunar 2006/2007. Roth, 2008.
- Ar5 (www.skogoglandskap.no, 2010)
- Direktoratet for Naturforvaltning (DN) sine basar naturbase (www.dirnat.no, 2010)
- Artsdatabanken (www.artsdatabanken.no, 08.08.2010)
- DN sitt hjorteviltregister (www.hjortevilt.no, 08.08.2010)
- Handlingsplan for hole eiker. Høringsutkart november 2009. Direktoratet for naturforvaltning.

4.2.2 Naturgrunnlaget

Geologi

Bergartane i planområdet ligg i eit grenseområde i mellom fylitt/glimmerskifer og metasandstei/skifer som ligg i parallelle belter diagonalt over søre delen av Stordøya.

Jordsmonn/grusførekomst

Det er jorddekt mark på heile planområdet. Djupna er ikkje registrert. Lausmassane består av forvittringsmateriale.

Det er ikkje registrert grus- eller pukkførekomstar innanfor eller i nærleiken av planområdet.

Lokalt klima

Områda er klimamessig prega av å ligge innaskjers ved kysten. Typisk for kystklimaet er liten forskjell i middeltemperatur for årets varmaste og kaldaste månad som gjer ein lang vekstsesong og høg luftfuktigheit og mykje nedbør.

Planområdet ved Ørehaug Sør og Ørehaug Nord ligg klimamessig ope til i eit landskap som er prega av mindre haugar og åskammar. Arealet går frå sør til nord, og ligg langs med ein åsrygg. Her fell jordbruksterrenget i søre delen mot aust, mens innmarksbeitet i nordre del er flatt før det fell forsiktig mot vest.

Planområdet i Vestlio går frå sør til nord, med eit platå i austleg del og hellande terreng i vest i vestleg retning. Planområdet ligg klimamessig delvis skjerma og delvis ope til. Skogsområde i sør og kantsone mot Vestlivegen skjermar området delvis.

4.2.3 Naturtypar

På Stord er det registrert 27 naturtypar av dei 67 som er skildra i DN-handbok 13. Naturtypane er fordelt på 7 hovudtypar. Det er ikkje registrert viktige naturtypar innanfor eller i nærleiken av planområda. Nærmaste

prioriterte naturtype ligg ved Nordre Tveita, nordvest for planområdet, som er ein beita eikeskog av lokal verdi og Ådlandsskogen, sørvest for planområdet, som er ein lokal viktig kystfuruskog.



Figur 4.1. Flyfoto over området. Delområda er skissert inn

Ørehaug Sør og Ørehaug Nord

Området har jordbruksmessig ei naturleg midtdeling mellom fulldyrka jord og innmarksbeite. Store deler av Ørehaug Sør er klassifisert som fulldyrka jord. Vegetasjonen innanfor dette delområdet består i hovudsak av grasartar og kvit- og raudkløver. På ein kolle midt i delområdet Ørehaug Sør og kantsone mot nordre del, Ørehaug Nord, består vegetasjonen av m.a. bjørk, hassel, rogn, selje og eik.

Ørehaug Nord er eit attgrodd innmarksbeite som ikkje har vore i bruk på ei stund, då ordinær gardsdrift med hald av buskap vart nedlagd på midten av 90-talet. Det har sidan den gang vorte laga til golfbaneanlegg på store deler av garden. Delområdet ligg i randsona, utanfor sjølve golfbaneanlegget. Arealet ligg på ein åskam i nord - sørleg retning og er dekkja med større og mindre trær. Mot Ørehaug Sør i sør er det ei tett samling med eiketre, mens ein mot grensa til aust finn spreidde bjørketre. Ein finn elles innslag av mindre tre og buskar av hassel, osp og rogn, samt buskvegetasjon med bjørnebær og ville bringebær. Bakken er elles dekkja med ugras som stråsisv, mose og høymole. Sjå figur 4.2



Figur 4.2. Venstre: Bilete av område for grasproduksjon. Det nye bustadområdet vert liggjande tett opp til eksisterande bustadar. Midten: Bilete av område med eiketre. Planområdet er lokalisert på austsida av turstien, og golfbana på vestleg side. Høgre: Bilete syner blanda vegetasjon på nordre del av planområdet.

Vestlio

Vegetasjonen innanfor planområdet består m.a. av gran og furu, samt eit belte med yngre lauvskog som grensar til Vestlivegen. Lauvskogen består i hovudsak av bjørk, rogn og hassel. Området er klassifisert som barskog av særskilt høg bonitet (www.skogoglandskap.no). Store deler av området har tidlegare vore eit plantefelt for gran (norsk gran og sitkagran). Dette plantefeltet vart hogd vinteren 2008. Vegetasjonsdekket på hogstflata består i hovudsak av pionerplantar som t.d. geiterams, bringebær, smyle og andre grasartar, samt røsslyng og andre lyngartar. I attståande skogsområde består vegetasjonsdekket av m.a. mose- og lavartar, blåbærlyng, tyttebærlyng, røsslyng, samt innslag av kristtorn og einebusker.



Figur 4.3. Hogstflata. Ein kan sjå pionerartar på hogstflata og deler av det tidlegare plantefeltet i kantsona retning mot Vestlivegen. Bileta er teke frå sør mot nord.

4.2.4 Biologisk mangfald

Biologisk mangfald er variasjonen av livsformer, arvestoffet til livsformene og det samspelet desse livsformene er ein del av. Artane er igjen avhengige av bestemte økosystem for å kunne eksistera.

I offentleg tilgjengelege databasar er det ikkje registert raudlista planteartar eller fauna innanfor delområda, Vestlio, Ørehaug Sør og Ørehaug Nord.

Ørehaug Sør og Ørehaug Nord

I dag vert delområdet Ørehaug Sør slått med traktor og slåmaskin. Bruk av maskinell slått gjer at tradisjonelle slåtteartar ikkje veks her. Delområdet Ørehaug Nord vert i dag ikkje landbruksdrifta og er delvis overgrodd og tilvaks med forskjellige treslag og ugras. I tillegg finn ein spreidde førekomstar av bjørk, rogn, hassel, osp og selje, samt buskvegetasjon med bjørnebær og ville bringebær. Bakken er elles dekkja med ugras som stråsisv, mose og høymole. Tilgrensande areal til delområda er bustadfelt og Stord Golfpark. Desse områda har låg diversitet og mangfald.

Ein finn store, gamle eiketre delvis innanfor desse to delområda. Desse har verdi som biotop for m.a. fugleartar, insekt, lav- og soppantar. Direktoratet for naturforvaltning har fremja forslag til at hole eiker vert vurdert som utvalt naturtype, med tilhøyrande forskrift. Det er utarbeidd eit høyringsutkast inkludert *handlingsplan for hule eiker*, der målsetnaden er å ivareta og leggja til rette for gunstig utvikling og rekruttering av hole eiker, slik at artar som er knytt til hol gamal eik kan behalda eventuelt utvikla levedyktige populasjonar. Ingen av eikene innanfor planområdet kjem inn under definisjonen hol eik, jf. handlingsplanen 2009 ("Med hole eiker meines eiketrær som har en omkrets på minst 200 cm, og eiketrær som er synlig hole og har en omkrets på minst 95 cm". Framlegg til forskrift, DN 2009).

Skissa over delområda legg opp til grøntstruktur der eikene er lokalisert. Ein må rekne med at det er naudsynt å tynna, beskjera og avlasta trekrona, samt eventuelt fjerna dei trea som vert ståande nærmast bustadområdet for tryggleiksmessige omsyn. I handlingsplanen finn ein m.a. referanse til den svenske handlingsplanen for hole eiker som skildrar kriterium for gunstig bevaringsstatus for grove/hole tre. Den svenske handlingsplanen seier m.a. at tre som er fristilt slik at det ikkje vert rørt av konkurransekraftige tre med trekroner som når nærmare enn 4 m frå eikekrona si ytre grense, er bevaringsmessig gunstig. Eiketrea står i dag relativt tett og ein bør difor ha fokus på å tynna i området, og ta vare på eikene i kantsona i nord, samt eikene som står nærmast turstien.



Figur 4.4: Bilete av eikelunden på kollen midt i planområdet.

Vestlio

Planområdet grensar til Vestlivegen i vest og nordvest. Vegen er i dag ein hindring for artar med låg evne for spreining. I aust grensar området til Prestagardsskogen idrettspark og Nordbygdo ungdomsskule. I sør forsett skogsområdet, som planområdet er ein del av, vidare inn mot Ådlandsskogen (arts mangfald av lokal verdi). Ingen av dei tilgrensande områda er registrert til å ha høg verdi for biologisk mangfald.

4.2.5 Vilt og fisk

Det er ikkje drive jakt innanfor delområda. Areal nord og vest for delområda er ein del av Rommetveit jaktlag og Tveita-Lunde jaktlag i Stord hjortevald. Planframlegget vil ikkje ha negativ konsekvens for jaktutøvinga.

Hjort er ein vanleg art over heile Stord. Hjortetråkk finst på kryss og tvers i så og sei alle skogsområde. Det var registrert spor etter hjort innanfor delområdet Vestlio ved synfaring. Det er fleire trekkruiter i retning aust-vest over E39 mellom anna frå Ådlandsvatnet og Nordre Tyse. Dei store samanhengande grasbakkane aust for E39 får hjortane til å trekke over E39 for å finna gode beiteområde. Det er grunn til å tru at hjorten også oppheld seg i skogsområda ved Vestlio, Ådland og Tyse. Hjorten er ein fleksibel art og har lett for å tilpassa seg nye trekkruiter, men det er viktig at det finst alternative trekkruiter når ei trekkruite vert sperra. Det er ikkje registrert viktige hjortetrek inn på delområda.

Det er ingen elver eller bekker innanfor delområda Vestlio, Ørehaug Sør og Ørehaug Nord.

4.2.6 Vurdering av konsekvens

På bakgrunn av eksisterande kjennskap til flora og fauna, vil planframlegget vera negativt for naturmiljøet.

Ørehaug Sør og Ørehaug Nord

Delområda ligg mellom eksisterande bustadfelt og Stord Golfpark. Desse områda har lite verdifull biologisk mangfald. Delområdet Ørehaug Sør klassifisert som fulldyrka mark, har liten verdi for naturmiljøet då dette området er kultivert og vert nytta til grasproduksjon. Delområdet Ørehaug Nord er klassifisert som innmarksbeite, men har ikkje vore beita på mange år og er per i dag attgrodd. Vegetasjonsbeltet mellom ny busetnad og golfbana, samt turstien vil fungere som ein korridor for vilt og flora. Ein finn store, gamle eiketre delvis innanfor desse to delområda, som er verdifull for ulike fugleartar, insekt, lav- og soppantar. På grunn av direkte arealbeslag og reduksjon av leve- og funksjonsområde for flora og fauna vil planframlegget ha ein negativ konsekvens for naturmiljø for desse delområda.

Vestlio

Delområdet er i dag ein del av ei hogstflate og yngre lauvskog med innslag av gran og furu. På grunn av direkte arealbeslag og reduksjon av leve- og funksjonsområde for flora og fauna vil planframlegget ha ein negativ konsekvens for naturmiljø.

0	Ingen registrering av prioriterte naturtypar innanfor eller i influensområdet til planområdet.
0	Ikkje registrerte raudlista artar innanfor planområdet, jf. offentlege databasar.
0	Planframlegget vil ikkje hindre jaktutøving eller trekkvegar for hjort.
-	Direkte arealbeslag og reduksjon av leve-/funksjonsområde for flora og fauna.
-	Deler av dei to områda med eiketre innanfor planområda, Ørehaug Sør og Ørehaug Nord, vil verta redusert.

Konklusjon: Negativ konsekvens (-)

Avbøtande tiltak:

Viktige element for naturmiljøet er kantvegetasjon. Gjennom å ta vare på eksisterande kantvegetasjon ved delområda Ørehaug Sør og Ørehaug Nord vil leve- og funksjonsbiotopar for flora og fauna i lokalområdet verta ivaretatt. Det vil bli avsett eit vegetasjonsbelte mellom ny busetnad og Vestlivegen, som vil fungera som ein korridor for vilt og flora for delområdet, Vestlio.

Eiketrea på delområda Ørehaug Sør og Ørehaug Nord står relativt tett i dag og ein bør difor ha fokus på å ta vare på eikene i kantsona i nord, samt eikene som står nærmast turstien. Ein bør ha fokus på tynning, beskjering og avlastning for trekrona, i staden for fjerning av tre.

Konsekvens av planforslaget med gjennomføring av avbøtande tiltak: Negativ konsekvens (-)

4.3 FRILUFTSLIV

4.3.1 Avgrensing og datagrunnlag


Dei ulike tema skal så langt råd er utgreiast med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, samt synfaring. Vurderingane er avgrensa til sjølve planområdet med tilhøyrande influensområde.

Det er nytta ein 3-delt skala for å angi konsekvens, positiv (+), inga (0) eller negativ (-) konsekvens. Konsekvensar er såleis ikkje differensiert ytterlegare slik Handbok 140 om konsekvensutgreiingar frå Statens Vegvesen rår til.

Datagrunnlag nytta i utgreiinga:

- Orienteringskart frå Stord turn og idrettslag, orienteringsgruppa.
- Miljøstatus i Norge (www.miljostatus.no).
- Stord Kommune, Turvegprosjekt.
- Stord Kommune, Arealanalyser for Nordbygdo 29.06.2000.

4.3.2 Viktige turområde



Figur 4.5: Orienteringskart som viser området med plangrense.

På tilstøytande areal finn ein gamle gards- og ferdselsveggar samt stisystem som vert nytta til turgåing og utflukter . I Ådlandsskogen finn ein eit velbrukt stisystem som har vore nytta av både barnehage, skuleelevar og andre turgåarar lenge.

Over Lunde og nordre Tveita kan ein finna gamle gardsvegar som knyt gardane i saman, og som der igjen er til knytt eit større skogsveg- og stinettverk, som strekker seg over eit stort turareal frå Litlabø i nordvest via Vatna og Fjellgardane, over fjellet til Fitjar i nord, samt til Grov og Agdestein i aust. Sjå figur 4.5.

Typiske friluftsområde som kan knytast til sjø og vatnaktivitetar, finn ein ikkje inne på sjølve planområdet. Dette finn ein på areal utanfor området, som grensar til sjø og vatn med svaberg og strender.

Næraste areal merka som statleg sikra friluftsliv finn ein på austsida av Ådlandsvatnet, i ei sone som går langs med E39. Ynskjer ein sjøliv og spesielt kystskogsmiljø, finn ein eit statlig sikra naturreservat i Hystadmarkjø, som har ein opparbeid grus-/tursti gjennom området. Sjå figur 4.6.



Figur 4.6: Kart som viser Statlig sikra friluftsliv i Ådland og Hystad området. Områda er merka med blå skravur.

Typiske gardsmiljø både finn og kan ein oppleve i heile Nordbygdo rundt Rommetveit. I nærleik til Tyse og Vestlio-området kan ein gå, til dømes, frå Samhald via Lundemannsverk og imot Tveita på ein tverrgardsveg som går igjennom fleire gardstun.


I landbruksplanen (2005) er området kring Nordre Tveita definert som område med særprega og verdifulle bygningsmiljø (kulturlandskap). Her er ein midt i det opne landskapet med grønne bakkar og gamal eikeskog, og finn gardsmiljø med gamle bygningar og jordbruksareal som er velhalde og godt skjøtne. Eigarane på Tveita Gard arrangerer open gard for besøkande, lag og organisasjonar (sjå figur 4.7). Vidare vestover frå Tveita kryssar tverrgardsvegen E39 og går sørvest mot Vatna og nordre del av Ådlandsvatnet der den treffer fjellgardsvegen. Her finnes vegmoglegheiter mot Vatna eller opp mot Vad og Haugland.



Figur 4.7: kart som viser tverrgardsveg frå Samhald , via Lundemannsverk og Tveita til E39.

4.3.3 Turstiar

Lokalt i planområde B1 -2 og N, samt forbi Ørehaug Sør og Ørehaug Nord finn ein likevel mindre tilkomst- og skogsveggar laga i forbindelse med dei forskjellige hestesportanlegga og det inntil liggjande golfsportanlegget. Desse vegane vert ofte nytta til turgåing, og då spesielt den som går over Prestagardsjorda, forbi Ørehaug Sør og til Hagastølen/Samhald. I forbindelse med anlegget er det satt opp varselskilt. Å gå i nærleik til aktive golfsportanlegg krev ekstra merksemd i forhold til flygande objekt i luftrommet som ved uhell kan råka turgåarar.



Figur 4.8: Flyfoto over Tyse, Ådland og Vestlio

Ved Vestlio, i Prestagardsskogen, finn ein ei trimsløyfe med asfalt som går mellom dei nye kunstgrasbaneanlegga og p-plassen, opp aust for Vestlio-arealet og opp til nordvest sida av nye Nordbygdo

ungdomsskule. Sløyfa går derifrå og ned langs med det gamle bustadfeltet til busstoppen ved Tyselvegen. Der kan ein velje løypesløyfe ut mot Vestlivegen eller inn mellom bane og p-plass. Sjå figur 4.9.

På tilstøytande areal i sør finn ein Ådlandsskogen som er eit velbrukt turområde både av lokale bebuarar, barnehagar, skuleelevar ved Hystad barneskule og no i seinare tid, også Nordbygdo ungdomsskule. Store deler av denne skogen består av urørt naturskog av furu med innslag av kristorn, rogn, or og eik. I skogbotnskiktet finn ein eit ypparleg bærterreng med tyttebær og blåbær. Sjå figur 4.10.

På flate parti er det mogleg å slå opp mindre leirstadar med telt eller lavvo. Sjå figur 4.11. Det går kombinert sti og traktorvegssystem frå skulane og ned til E39 på austsida av Ådlandsvatnet. Her kan ein krysse vegen og komme seg ned til ei sone med statlig sikra friluftsliv. Det betyr opparbeida turvegar med grus som slingrar seg langs med badestrender og hamrar på austsida av Ådlandsvatnet. Denne turvegen går frå Ådlandsfeltet ved Krækjen til Ådlandsbrua der den deler seg og går eine vegen over ei ny gangbru (gassleidningsbrua) sørover mot Sæ, samt andre vegen langs med vatnet og bort til Saneset.

Frå Saneset er vegsystema opne mot Vatna, der det også er mogleg å gå rundt Ådlandsvatnet, over til Litlabø eller ta turen opp over Vatnadalen til fjells.

Ein har i det heile store moglegheiter når det gjeld turvegssystem i tilknytning til dei aktuelle planområda. Moglegheiter er absolutt til stades for å kunne fostre natur og helse rett på utsida av stoveglaset.



Figur 4.9: Bilete som syner trimløype liggande inntil Vestlio.



Figur 4.10: Tursti i Ådlandsskogen.



Figur 4.11: Leirplass i Ådlandsskogen.

4.3.4 Vurdering av konsekvens

Plassering av nye bustadar i nærleik til eller på tilstøytande areal til friluftslivs-/aktivitetsområde, kan gje ein auke i bruk av desse areala. Auka bruk av naturareal gjev også større slitasje på stiar og vegetasjon, som igjen kan føre til ei redusert attgroing i skogsmiljøet.

Aktivitets-, natur- og friområde i tett nærleik til bustadar, kan skape problem med uønska støy og ønske om verning om dei private sonene tilknytta bustadane. Ei fortetting av bustadar i nærleik til idrettsanlegg og friområde kan også bandlegge framtidige ekspansjonsmoglegheiter til desse områda. Ei fortetting av bustader i nærleik til friluftslivsområde innskrenkar randsonene mellom bustad og natur-/friluftslivsområde.

0	Gjennom auka bruk vil ein få ei redusert attgroing i skogsmiljøet.
-	Plassering av nye bustader i nærleik til eller på tilstøytande areal til friluftslivs-/aktivitetsområde, kan gje ein auka bruk, som også vil gje større slitasje på desse areala.
-	Aktivitets-, natur- og friområde i tett nærleik til bustader kan skape problem med uønska støy og ønske om verning om dei private sonene tilknytt bustadane.
-	Ei fortetting av bustader i nærleik til idrettsanlegg og friområde kan også bandlegge framtidige ekspansjonsmoglegheiter til desse områda.
-	Ei fortetting av bustader i nærleik til aktive anlegg og friområde innskrenkar randsonene mellom bustad og natur-/friluftslivsområde.

Konklusjon Vestlio: Inga til negativ konsekvens (0/-)

Konklusjon Ørehaug Sør og Ørehaug Nord: Inga konsekvens (0)

Avbøtande tiltak:

- For å hindre slitasje på natur kan ein tilrettelegge opparbeida turstiar og avgrensa turveggar for å begrense slitasje og auke tilgjengelegheita for alle.
- Ved å lage til romslege, vegeterte, grønne soner og friareal mellom bustader og aktivitetsområde, vil ein skape naudsynt og skjermande avstand/randsoner mellom bustad og aktivitet.

Konsekvens av planforslaget med gjennomføring av avbøtande tiltak: Inga konsekvens (0)

4.4 KULTURMINNE – KULTURMILJØ

Føremålet med rapporten er å synleggjera verknadane av føreslege utbygging og kva konsekvensar dei nye innspela i kommuneplanen vil få for kulturminne og kulturmiljø i området. Rapporten omfattar automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne.

Definisjon av kulturminne og kulturmiljø:

Med kulturminne meiner ein "alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø herunder lokalitetar det knytar seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til."

Med kulturmiljø meiner ein "områder der kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng."

Kulturminne frå før 1537 er automatisk freda. Kulturminne etter år 1537 er *nyare tids kulturminne* og kan fredast gjennom ei freidningssak. *Samiske kulturminne* eldre enn 100 år er automatisk freda. Det same gjeld *skipsfunn under vatn*.

4.4.1 Avgrensing, datagrunnlag og metode

Avgrensing av fagområdet

Området vart synfart 04.08.2010. Føremålet var å utføra ei vurdering av ulike kulturminne og kulturmiljø. Potensialet for funn av ikkje registrerte kulturminne i dei to innspelsområda er ikkje vurdert på dette plannivået.

Influensområdet i ei konsekvensutgreiing er vanlegvis definert som det området kor ein meiner kulturminne og kulturhistoriske verdiar kan ha påverknad av innspelet. I dette tilhøvet har tiltaket fått eit avgrensa influensområde frå E39 i nordvest, delvis langs fv. 58 Vestlivegen i sør og langs delar av fv. 57 Rommetveitvegen i aust. I nord går området tvert over dalen, like nord for Tveita gard, og inn på E39. Årsaka til avgrensinga er sett med bakgrunn i den barrierefaktor vegane har i området, samt at eksisterande busetnad i området gjer det lite naudsynt å ha influensområdet større enn det er framstilt.

Innanfor influensområdet er det registrert eitt automatisk freda kulturminne og ein del SEFRAK-registrerte bygg.

Innspela sine verknadar på kulturminne og kulturmiljø

Generelt kan tiltak verka inn på kulturminne og kulturmiljø på to ulike måtar:

- Direkte innverknad kan skje i form av: Skade, fjerning, øydelegging og tildekking av kulturminne. Dessutan kan kulturmiljø verta skada ved fragmentering. Slike moglege konsekvensar vil ofte vera knytt opp til anleggsfasen.
- Indirekte innverknad kan skje ved at: Kulturminne og kulturmiljø vert liggjande i eit område som visuelt er fjernt frå det miljøet (før-industrielt) som eksisterte på den tida kulturminnet eller kulturmiljøet blei etablert.

Då kulturminna i si tid blei etablert, var utsyn og innsyn ofte svært viktige lokaliseringfaktorar. Kulturminnevernet er oppteken av at ein i framtida skal ha moglegheit til å forstå og oppleve slike samanhengar. Indirekte kan altså innspelsområda i Nordbygdo forårsake skade i høve til viktige vernekriteria som omfattar oppleving og pedagogikk. I denne samanheng står autentisitet og sårbarheit sentralt. Sårbarheit vil ofte vere koplå opp mot omgivnaden sine landskapskvalitetar og autentisitet.

Grunnlagsmaterialet

Datagrunnlaget bygger primært på følgjande kjelder:

- Register over før reformatoriske kulturminne (Askeladden).
- Register over nyare tids kulturminne (Sefrak).
- Litteraturstudie.
- Akvator AS si synfaring.

Datagrunnlaget vert vurdert som tilstrekkeleg for konsekvensutgreiinga.

Metodebruk


I influensområdet er dei kulturhistoriske elementa vurdert, som kulturmiljø eller einkilde element, og spesielt Stord kommune sine føringar i "plan for bygningsvern" og "kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø" er vekta.

Rapporten legg opp til ei framstilling av konsekvensar (positiv (+), negativ (-) ingen (0)) av innspelsområda for temaet kulturminne. I denne overordna konsekvensvurderinga vert omfanget basert på prosjektforslaget slik det føreligg pr. i dag. Det vert ikkje gjort nyansar innanfor innspelet på dette nivået, for tilpassing til kulturminne og avbøtande tiltak må avklarast på detaljnivå. Dersom eit kulturmiljø ligg i eit innspelsområde, vil ein anta at kulturmiljøet vert øydelagt og konsekvensen negativ.

I denne utredninga ligg ingen av kulturmiljøa innanfor innspelsområda. Konsekvensen for kulturminna vert difor basert på visuelle faktorar innspela vil ha. For verdifulle og sentrale kulturmiljø kan det visuelle omfanget av eit nytt tiltak få negative konsekvensar.

4.4.2 Kulturmiljø - verdi, omfang og konsekvens

I influensområdet er det 1 automatisk freda kulturminne og mange SEFRAK- registrerte bygg, som vert delt inn i 7 kulturmiljø med nærmare omtale og vurdering. Omfanget av innspela vert vurdert for dei ulike miljøa og konsekvensen gitt. Til slutt i rapporten vert resultatet framstilt i tabellform for kvart av innspelsområda. Avbøtande tiltak vert framstilt der det er mogleg.



Figur 4.12: Oversikt over kulturmiljøa (nr 1-7). Raus stipla strek syner influensområdet. Blå skravert område syner innspelsområda (kart Miljodata.no).

Gamle Tyse gard (gnr. 22, bnr. 155) (kulturmiljø 1)
Stovehus

Bustadhus frå 1740-80, er eit bygg frå det gamle tunet på garden Tyse. Huset ligg ope og fritt til på ein haug like nord for Prestagarden. Truleg har dette vore eit klyngetun, gamle kart syner opptil 23 bygningar i tunet inkludert Prestabustaden.

Huset er i reguleringsplan for Prestagarden regulert til spesialområde vern og det er med i Stord kommune sin plan for bygningsvern.

Omfang:

Kulturmiljøet vert ikkje direkte påverka av innspelsområda. Innspelsområdet som ligg nærmast er Ørehaug Nord med ein avstand over 50 m i luftline. Topografi, vegetasjon og eksisterande bygg som ligg i mellom områda, hindrar direkte innsyn frå kulturmiljøet, så innspelsområdet er vurdert til å ha inga visuelt omfang på kulturmiljø. Innspelsområda Ørehaug Sør og Vestlio får ingen visuelt omfang på kulturmiljøet.

Konsekvens for kulturmiljøet:

Innspelsområda får ingen konsekvens (0)

Tyse Prestagard (gnr. 22, bnr.164) (kulturmiljø 2)
Einebustad

Tyse vart Prestagard i 1648 då Prestagarden vart flytta frå Nedre Ådland. Bernt Orning fekk til eit makebytte mellom dei to gardane. Etter at garden på Tyse vart Prestagard dreiv prestane garden sjølv i lang tid. Dei hadde tenarar og rådsmenn som stod for arbeidet. Vidare var det bygdefolk som måtte arbeida på garden, som etter kvart vart rydda. Det vart ein god gard, med plass til mange dyr og menneske. Prestabustaden på Tyse var prega av forfall mot 1900 og i 1906 hadde ein teikningar klare for ny Prestabustad. Den nye bustaden vart oppført i 1912 og er i Louise-seize stil. Huset vart i 2002 restaurert innvendig. Frå 1953 overtok familien Grødem eigedomen.



I "reguleringsplan for Prestagarden golfbane, Tyse gnr. 22, bnr. 1" er huset med hage regulert til spesialområde vern og Prestagarden er med i Stord kommune sin plan for bygningsvern.

Omfang:

Kulturmiljøet vert ikkje direkte påverka av innspelsområda. Innspelsområdet Ørehaug Nord ligg nærmast kulturmiljøet, med ein avstanden på ca 20-25 m i luftline. Utsikten frå Prestagarden er direkte mot innspelsområdet og etablering av bustad nærmare og evt. høgare enn eksisterande einebustader i området vil skapa eit visuelt forstyrrende element på miljøet som vert vekta som negativt. Innspelsområdet Ørehaug Nord er vurdert til å ha litt negativ omfang for kulturmiljøet. Innspelsområda Ørehaug Sør og Vestlio er vurdert til å ha ingen omfang for kulturmiljøet.

Konsekvens for kulturmiljøet:

Innspelsområdet Ørehaug Nord får litt negativ konsekvens (0/-)

Innspelsområda Ørehaug Sør og Vestlio får ingen konsekvens (0)

Automatisk freda kulturminne (kulturmiljø 3)

Kullgroper

Kullgrop på Tyse ligg i utmarksområdet til bruk 22/1 . Kullgropene ligg på ein kolle der det veks grantre. Kullgroper vart nytta til å produsera trekull av ved. Anlegget var nedgrave i bakken, der veden blei stabla i gropa og dekt med torv før den blei tent på. Torvdekket gjorde at forbrenninga blei ufullstendig og veden forkulla. Kullgroper ligg ofte i nærleiken av jernvinneanlegg, men ingen er registrert i området.



Figur 4.13: Bilde: Kullgropene er etablert i skogholtet, inne på golfbana. Skisse over innspelsområde og kulturminne markert som spesialområdet vern i "reguleringsplan for Prestagarden og golfbane Tyse gnr. 22, bnr. 1" frå 2003.

Det er teke ut dateringsprøve frå kvar av gropene i området som gir datering til mellomalderen.

Det automatisk freda kulturminne ligg inne på golfbana inne i eit skogområde. I "reguleringsplan for Prestagarden golfbane, Tyse gnr. 22, bnr. 1" er lokaliteten regulert til spesialområde vern. Lokaliteten er den einaste i sitt slag som er registrert på Stord.

Omfang:

Kulturmiljøet vert ikkje direkte påverka av innspelsområda. Innspelsområdet som litt nærmast kulturmiljøet er Ørehaug Sør, med ein avstanden på over 60 m i luftline. Innspelsområdet ligg i bakkeskråning vekk frå golfbana og kulturmiljøet. Samtidig vert det etablert eit vegetasjonsbelte mot golfbane som dempar den visuelle effekten. Avstanden til innspelsområdet Ørehaug Nord er 70-80 m i luftline og vurdert som tilfredstillande. Innspelsområdet Vestlio har ingen visuell effekt på kulturmiljøet. Alle innspelsområda er vurdert til å ha ingen visuell omfang på kulturmiljøet.

Konsekvens for kulturmiljøet:

Innspelsområda får ingen konsekvens (0)

Valdaivegen (Kulturmiljø 4)

Prestavegen

Valdaivegen er namnet på den gamle Prestavegen som går gjennom gardane Tyse og Nedre Økland til Prestabryggja og kyrkja. Namnet har sitt opphav frå dei russiske Valdajhøgdenene, midt mellom St. Petersburg og Moskva. Under Krimkrigen (1853 – 65) skal det her ha gått føre seg ein del trefningar/kampar mellom ulike folkegrupper.

Prestavegen på Stord har også eit høgdedrag, med ope lyngterreng like ved Hystad skule. I den tida då det vart utdanna lærarar ved "Seminariet" på Rommetveit, skal det ha kome til trefningar mellom stordabuar og "seminaristar" oppe i dette lyngområdet. Sidan trefningane gjekk føre seg på eit høgdedrag, vart dette på folkemunne kalla Valdai. Sidan har namnet levd vidare og etter kvart vorte eit slags munnleg kulturminne.

Vegen er eit viktig kulturminne og tatt med i kulturminneplan for Stord kommune.



Omfang:

Kulturmiljøet vert ikkje direkte påverka av innspelsområda. Innspelsområdet Ørehaug Sør grensar opp til ein liten del av kulturmiljøet. Innspelsområdet ligg i bakkeskråning og med eit vegetasjonsbelte etablert mot vegen vert den visuelle effekten dempa. Innspelsområdet er vurdert til å ha litt negativ visuell effekt på kulturmiljøet. Innspelsområdet Ørehaug Nord vert etablert oppe på eit platå, ca 20-25 m frå kulturmiljøet. Etableringa på eit platå høgare enn vegen vil gi ein visuell effekt, som vert vurdert som litt negativ. Innspelsområdet Vestlio får ingen visuell omfang på kulturmiljøet:

Konsekvens for kulturmiljøet:

Innspelsområda Ørehaug Nord og Ørehaug Sør får litt negativ konsekvens (0/-)
Innspelsområdet Vestlio får ingen konsekvens (0)

Vestli gard (gnr. 22, bnr. 7) (kulturmiljø 5)

Gardstun

På garden er det to SEFRAK-registrerte bygg, eit bustadhus og ein driftsbygning. Begge bygga er frå rundt 1950, men er sidan vorte moderniserte. På garden driv ein gardsdrift.

Bruket vart skilt ut frå bruk 1 og hus vart bygd i 1948. Alt i 1930-åra hadde ein dyrka opp jorda her, og så driftig var gardsbrukaren her at han i 1965 fekk diplom og premie frå "Anton Mindes legat for nyridding og framifrå drift av gardsbruk".



Området er ikkje med i kulturminneplan eller bygningsverneplan for Stord. Garden har i sine kvalitetar liten kulturhistorisk verdi.

Omfang:

Kulturmiljøet vert ikkje direkte påverka av innspelsområda. Innspelsområdet som ligg nærmast er Vestlio, med ein avstand på 20-30 m i luftline. Innspelsområdet vert etablert i ei skråning på ein kolle og vil framstå visuell for omgjevnaden. Eksisterande vegetasjon og Vestlivegen går mellom kulturmiljøet og innspelsområdet og Vestlivegen gir ein barrierefaktor for kulturmiljøet som gjer at innspelsområdet er vekta til å ha litt visuell

negativt omfang på kulturmiljøet. Innspelsområda Ørehaug Sør og Ørehaug Nord får ingen visuell omfang på kulturmiljøet.

Konsekvens for kulturmiljøet:

Innspelsområda Vestlio får litt negativ konsekvens (0/-)

Innspelsområdet Ørehaug Nord og Ørehaug Sør får ingen konsekvens (0)

Kulturlandskap (kulturmiljø nr 6)

Kulturlandskap

Området på Nordre Tveita utgjør eit kulturlandskap med aktiv gardsdrift, velhaldne tun med gamle tuntre. Eldre gardsveg går gjennom området. Her fins også restar av gamle slåtteteigar. Terrenget er lite omforma gjennom hundreåra, men nokre bekkefar er lagt i røyr og terrenget planert for å auke jordbruksarealet. Det er viktig at jordbruksdrifta vert oppretthalden slik at landskapet vert bevart. Dette er eit viktig område når det gjeld å visa den gamle gardsstrukturen.

I grensemerket mellom Vestli og Øvre Ådland går ein steingard.



Figur 4.14: Utsikt frå Nordre Tveita gard over innmarka. Steingard mellom Vestli og Øvre Ådland.

Kulturlandskapet på nordre Tveita er viktig å ta vare på og nemnt i kulturminneplan for Stord kommune.

Omfang:

Innspela vert etablert i skogområde som ikkje har innslag av gamle historiske element. Ingen av innspela går inn i det opne kulturlandskapet med beite og slåttemark. Det sentrale og viktige kulturlandskapet vert difor ikkje direkte rørt av innspela. Ein steingard i grensa mellom Vestlio og Øvre Ådland inngår i innspelområdet Vestlio og vert vurdert som øydelagt.

Delar av innspelsområdet Ørehaug Nord vil ha visuell effekt på kulturmiljøet og det vil vera uheldig om ein etablerer høghus i dette området. Sentralt i kulturlandskapet er innslag av gardsbruk og einskilde bustader, mykje ope landbruksjord med skog/trevegetasjon langs åsane. Frå store delar av kulturlandskapet på Nordbygdo opplever ein området som jordbruksområde og spesielt området Haga med konsentrert busetnad er ikkje synleg frå denne dalen. Etablering av nybygg oppå åsplatået Ørehaug Nord, spesielt hus i fleire etasjar, vil verka framande i dette landskapet og for opplevinga av kulturmiljøet. Innspelsområdet vert vurdert til å ha litt negativt visuelt omfang for kulturmiljøet.

Innspelsområda Ørehaug Sør grensar til golfbane og mot det sentrale kulturlandskapet. Etablering av eit vegetasjonsbelte mot det sentrale miljøet, gjer at området ikkje vert visuelt synleg for sentrale kulturlandskapselement . Innspelsområdet vert vurdert til å ha inga visuell omfang på kulturmiljøet.

Konsekvens for kulturmiljøet:

Innspelsområdet Vestlio får negativ konsekvens (-)

Innspelsområdet Ørehaug Nord får litt negativ konsekvens (0/-)

Innspelsområdet Ørehaug Sør får ingen konsekvens (0)

Nordre Tveita gardane (gnr 16, bnr 1, 2, 6 og 7) (kulturmiljø 7)

Gardstun

Garden Nordre Tveita vart rydda i yngre jernalder og på tunet finn ein i dag fleire eldre bygningar. Tunet på bruk 1 og 2 Tveita ligg i kvarandre, så dei to gardane vert skildra som eitt kulturmiljø. I miljøet finn ein fleire SEFRAK- registrerte bygg. Det eldste bygget, eit stabbur, har tømmer frå 1600-talet. Dei andre bygga er frå 1900-talet. Totalt er det 18 bygg samla i eit tun på Nordre Tveita gardane.

På bruk 2 har eigaren gjort mykje for å halda bygningane i god stand og ta vare på dei kulturhistoriske verdiane. Bruk 1 har også eit gammalt og sermerkt tun, men her forfell nokre av bygningane.



Figur 4.15: Nokre av bygningane på Nordre Tveitagardane.

Alle bygningane i tunet på bruk 2 er med i bygningsvernplanen for Stord, medan heile tunet på bnr 1 er med i kulturminneplanen for Stord.

Omfang:

Innspelsområdet Ørehaug Nord ligg nærmast kulturmiljøet, med ein avstand på 130-140 m i luftline. Det er eit delvis ope landskap mellom kulturmiljøet og innspelsområdet, og sjølv med ein avstand på denne storleik vil etablering av bygg, spesielt med fleire etasjar, få ein visuell effekt som er uheldig. Innspelsområdet vert difor vurdert til å ha litt negativt visuell omfang for kulturmiljøet. Innspelsområda Ørehaug Sør og Vestlio får ingen visuell effekt for kulturmiljøet.

Konsekvens for kulturmiljøet:

Innspelsområdet Ørehaug Nord får litt negativ konsekvens (0/-)

Innspelsområda Ørehaug Sør og Vestlio får ingen konsekvens (0)

4.4.3 Vurdering av konsekvens

I Nordbygdo finn ein fleire verdifulle kulturmiljø som det er viktig å ta vare på. Dei fleste miljøa er knytt opp til eit jordbrukslandskap som området er prega av, sjølv i moderne form (golfbane). Etablering av nytt bustadland vil verta dominerande i eit slikt landskap og endra karakter for den visuelle framstillinga av området.

Dei tre innspelsområda Ørehaug Nord, Ørehaug Sør og Vestlio vil ikkje ha nokon direkte verknad på kulturmiljøa i Nordbygdo, med unntak at ein steingard som vert øydelagt i innspelsområdet Vestlio.

Innspelsområda vil i eit slikt landskap heller framstå som visuelt forstyrrende for kulturmiljøa. For dei fleste miljøa er avstanden til innspelsområda stor og den visuelle verknaden ubetydeleg. I innspelsområda er det skissert opp eit vegetasjonsbelte kring utbygging, noko som er bra og vil dempa den visuelle verknaden noko. Innspelsområda som ligg i nærleiken av eit kulturmiljø vil, sjølv med vegetasjonsbelte, få ein negativ visuell effekt, og difor litt negativ konsekvens (0/-). Det er framleis usikkert kor høge bygga vert i innspelsområda, og det kan gjera den visuelle effekten sterkare negativ enn det som er framstilt i rapporten.

0	Vestlio, Ørehaug Sør og Ørehaug Nord har ingen konsekvens for kulturmiljø 1, Gamle Tyse gard.
0	Vestlio og Ørehaug Sør har ingen konsekvens for kulturmiljø 2, Tyse Prestagard.
0	Vestlio, Ørehaug Sør og Ørehaug Nord har ingen konsekvens for kulturmiljø 3, automatisk freda kulturminne.
0	Vestlio har ingen konsekvens for kulturmiljø 4, Valdaivegen.
0	Ørehaug Nord og Ørehaug Sør har ingen konsekvens for kulturmiljø 5, Vestli 22/7.
0	Ørehaug Sør har ingen konsekvens for kulturmiljø 6, Kulturlandskapet.
0	Ørehaug Sør og Vestlio har ingen konsekvens for kulturmiljø 7, nordre Tveita gardane.
0/-	Ørehaug Nord og Ørehaug Sør har visuell konsekvens for kulturmiljø 4, Valdaivegen.
0/-	Vestlio har visuell konsekvens for kulturmiljø 5, Vestli 22/7.
0/-	Ørehaug Nord har visuell konsekvens for kulturmiljø 6, Kulturlandskapet.
0/-	Ørehaug Nord har visuell konsekvens for kulturmiljø 7, nordre Tveita gardane.
0/-	Ørehaug Nord har visuell konsekvens for kulturmiljø 2, Tyse Prestagard.
-	Vestlio øydeleggjer steingard i kulturmiljø 6, Kulturlandskapet.

Konklusjon delområdet Vestlio: Negativ konsekvens (-)

Konklusjon delområdet Ørehaug Sør: Inga konsekvens (0)

Konklusjon delområdet Ørehaug Nord: Inga til negativ konsekvens (0/-)

Avbøtande tiltak

- Unngår øydelegging av steingard i innspelsområdet Vestlio. Dette vil redusere den negative konsekvensen for delområdet Vestlio til nøytral (0). Samla vil konsekvensen for kulturminne av innspela verta 0/-.
- Ikkje etablering av bygg med fleire etasjar i innspelsområdet Ørehaug Nord. Etablering på eit platå vil verka dominerande for både kulturlandskapet og kulturmiljø som Prestagarden, Valdaivegen og Tveita gardane.

Konsekvens av planforslaget med gjennomføring av avbøtande tiltak:

4.5 LANDSKAP

4.5.1 Avgrensing og datagrunnlag

Landskapsanalysen er basert på framgangsmåten skildra i «Landskapsanalyse – Framgangsmåte for vurdering av landskapskarakter og landskapsverdi. Versjon februar 2010.», utarbeida av Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren. Detaljgraden i analysen er tilpassa plannivået og derfor noko redusert. I dei vidare planfasane vil analysen bli meir detaljert for å kunne treffe meir eksakte utsegn.

I avsnitt 4.5.2 av landskapsanalysen blir landskapets karakter registrert. Denne landskapskarakteren får vidare ein verdi i avsnitt 1.3. I avsnitt 1.4 blir det gjort greie for endring av landskapskarakteren som følgje av tiltak og ei vurdering av på kva måte landskapet sin verdi vil bli endra av tiltaket.

Skildringa av landskapskarakter i avsnitt 4.5.2 er basert på nasjonalt referansesystem for landskap. Datagrunnlaget er her utarbeida av Aurland Naturverkstad, som har kategorisert landskapet i Hordaland i landskapsområder og -typar. Landskapet i registreringsområdet er i stor grad prega av menneskeleg aktivitet, og svarer ikkje heilt til den "arketypiske" beskrivinga ein kan finne i utarbeidinga av Aurland Naturverkstad. Dette vil vi sjå nærare på i landskapsanalysen.

Normalt vil ein her skildre dei ulike elementa i ein landskapsanalyse. Dette vil, grunna plannivået, ikkje bli gjort i denne analysen. Landskapskarakteren vil bli skildra under eitt, og meir framståande og dominerande landskapskomponentar vil bli skildra i detalj.

Verdivurderinga av landskapet i avsnitt 4.5.3 bygger på skildringane i fastsett landskapskarakter, knytt opp mot åtte verdikriterier. Eigentlig kan kvart kriterium vurderast langs ein glidande 5-delt skala. Verdivurderinga er skjønsmessig, og det er difor viktig at ei verbal grunngjeving av kva som ligg til grunn for valet av verdi følgjer med. Denne landskapsanalysen bruker ikkje ein 5-delt skala, då det ville blitt for detaljert i høve til plannivået. Likevel skal verdien for kvart kriterium setjast med verbal grunngjeving. Vurdering av landskapet skal her skape eit grunnlag for å tolke innverknad av tiltaket.

Skildringa av tiltaket sin innverknad på landskapskarakteren i avsnitt 4.5.4 er grunnlaget for å få ei avsluttande vurdering av tiltakets påverknad på landskapet. Tolkinga blir vurdert ut i frå ein 3-delt skala med verbal grunngjeving for kvart enkelt verdikriterium. Konsekvensen blir angitt som positiv (+), ingen (0) eller negativ (-). Ei total konsekvensvurdering samanfattar alle delvurderingar og gir tiltaket sine konsekvensar på landskapet ein total verdi (+, 0 eller -).



Figur 4.16: Registreringsområdet for landskapsanalysen med gul stipla linje.

I analysen skil ein mellom registreringsområdet og planområdet. Figur 4.16 viser avgrensinga av områda. Registreringsområdet er heile området i landskapsanalysen, mens planområdet er det området som blir direkte ramma av tiltaket. Arealet på registreringsområdet er vesentleg større, då landskapsanalysen ikkje bare kan betrakte området som er direkte ramma av tiltaket, då det vil føre til tap av viktige samanhengar som pregar landskapet som eit heile.

Datagrunnlag nytta i utgreiinga:

- Landskapskartlegging av Hordaland fylke – Landskapstypeklassifisering av innland. Lars A. Uttakleiv, Aurland Naturverkstad, 2009.
- Flyfoto.
- Eiga synfaring.

4.5.2 Landskapskarakter

I det nasjonale referansesystemet finn ein seks landskapskomponentar som pregar landskapskarakteren, dvs. det rommelege innhaldet og visuelle uttrykk, i dei ulike landskapstypene:

- landskapets hovudform
- landskapets småformer
- vatn og vassdrag
- vegetasjon
- jordbruksmark
- busetjing og tekniske anlegg

Registreringsområdet ligg i landskapstypen "Vestlandets skogåser" som er skildra i Aurland naturverkstads "Landskapskartlegging av Hordaland fylke – Landskapstypemessig klassifisering av innland". **Landskapet si hovudform** i registreringsområdet er prega av terreng og vegetasjon som er typisk for landskapstypen "Vestlandets skogåser". Terrengtet består av store og vidstrakte åsar. Topografien er her roligere enn langs kysten. Åsar deler landskapet i mange mindre rom innafor det store landskapsrommet. Dette gjer landskapet til ei oppleving. **Landskapets småformer** og **vassdrag** er mindre viktig for det samla landskapsinntrykket i denne landskapstypen. Det som pregar landskapet mest utanom av terrengtet er **vegetasjonen**. I registreringsområdet vekslar det mellom store samanhengande skogområde og store opne områder med grasvegetasjon. Denne vegetasjonen er typisk for landskapstypen, men står og i stor kontrast til busetjinga som pregar den austlege delen av registreringsområdet. Golfbana pregar området i særskild stor grad med dei store, jamne grasplenane. Store forstyringar i den rolege vegetasjonen finn ein ved den gamle travbana og i hogstområdet ved Vestlio. Vegetasjonen i registreringsområdet er så dominerande at mindre landskapselement forsvinn og tapar betydning. Vegetasjonen bidrar og til å dele landskapsrommet i mindre rom. Tradisjonelt har dei opne engene blitt nytta som **jordbruksmark**. Landbruk spelar framleis ei sentral rolle i området. Særskilt i nord og sør i registreringsområdet, der det skaper eit tydeleg kulturlandskap. Busetjing og tekniske anlegg finns fleire stader i registreringsområdet, då hovudsakleg i aust. Her finn vi, ved sidan av det store arealet med einestader, to store skuleområde, ein idrettsplass med firkanta, menneskeskapte flater, og arealet med den gamle travbana, som ber preg av å vera til nedfalls.

Situasjon i planområdet

Området ligg på eit høgare nivå enn golfbana. Langs grensa mellom planområdet og golfbana er det enkelte stader skarpe skjeringar og skrentar på 2-3 meter. Disse er særleg interessante småformer i landskapsrommet. Eiketrea på høgda er framtrедande landskapselement. Det planlagde arealet for bustader i Vestlio består i dag av eit samanhengande skogområde på ein langstrakt ås.



Figur 4.17: Flyfoto som viser området Vestlio med hogflaten i midten.

4.5.3 Landskapsverdi

I det nasjonale referansesystemet finn ein åtte verdikriterier som pregar landskapsverdien:

- Mangfald og variasjon.
- Tidsdjup og kontinuitet.
- Heilskap og samanheng.
- Brot og kontrast.
- Tilstand og hevd.
- Inntrykksstyrke og utsegnskraft.
- Lesbarheit.
- Tilknytning og identitet.

Landskapet i registreringsområdet har fleire små rom og vekslar mellom vegetasjon og bruk. Dette skapar stort **mangfald og variasjon**. Dei naturprosessane som pregar landskapet i fortida er delvis synleg i terrengforma, men menneske har kraftig påverka og derfor er resten av landskapskomponentane i hovuddelen menneskeleg skapt. Det er usikkert om det finns naturleg vegetasjon i registreringsområdet. Dette menneskelege preget i landskapet fører til at det her har ein lågare verdi i verdikriterium **tidsdjup og kontinuitet**. Det finnes liten **samanheng** i landskapet, då **heilskapen** av skogkledd åslandskap med tilpassa landbruk er forstyrra av bustadområde og tekniske inngrep. Heilskapen i landskapet er særleg negativt ramma av nedfallet på arealet

ved den gamle travbana og hogstarealet ved Vestlio. Naturlege og typiske **brot og kontrastar** oppstår i registreringsområdet ved overgangen frå skog til ope kulturlandskap. Disse brota vil av betraktaren opplevast som positive. Men det finns og fleire negative brot i registreringsområdet. Til dømes ved overgangen til utbygd areal mot aust, og ikkje minst ved den gamle travbana og hogstområdet i Vestlio. Store delar av registreringsområdet er halde i **hevd** og vel skjøtt. Dette gjeld særskilt landbruksområda og golfbana. Men det finns og stader med store forstyringar i dette verdikriteriet. Også her gjeld det igjen hoggflata og den gamle travebana. Som nemnt tidlegare landskapet si utvikling **lesbar** i landskapet. Dette gjeld bare områda med gardsdrift og skog. Jo meir landskap som blir utbygd, desto vanskelegare er det å sjå naturprosessar og kulturhistoriske utviklingar i landskapet. Dei fleste stadene er den moderne utbygginga så tett og intensiv at den ikkje er tilpassa landskapet slik tradisjonelt utbygging har gjort. Landskapet i registreringsområdet er fattig på framstående enkeltelement som kan gi ein lokal **identitet**. Som heilskap skapar landskapet likevel ein identitet. Dei som bur der vil med ein gang sjå at disse skogkledde åsar og dei opne landbruksareala mellom dei er heimstaden. Her uroar igjen den moderne busettinga og tekniske inngrep, og verkar mot identiteten i landskapet.

Landskapsverdi i dag: middels

Landskapet er allereie sterkt prega av menneske. Det er tvilsamt om det framleis finns landskap i registreringsområdet som er bare prega av naturprosessar. Grunna menneskeleg påverking er det fleire brot og kontrastar i landskapsbildet. Nokre av dei har ein interessant effekt, og skapar spennande landskapsopplevingar, som til dømes den velskjøtte grasplenen på golfbana. Andre kontrastar igjen verkar svært negativ, som til dømes hogstflata i Vestlio. Registreringsområdet høyrer til under landskapstypen vestlandske skogåsar, som er ein vanleg landskapstype i regionen. Derfor og grunna menneskelege inngrep og kontrastar som finns i registreringsområdet i dag blir landskapsverdien vurdert som middels verdifull.

4.5.4 Vurdering av konsekvens

Dei to bustadområda Ørehaug Sør og Ørehaug Nord grensar til eksisterande bustadområde i aust. Bustadområda blir derfor posisjonert i grøntområdet som i dag ligg mellom golfbana og bustadområdet. Dei nye bustadområda vil skjermast frå golfbana med eit grønt belte. Landskapsanalysen tar utgangspunkt i at dei store eiketrea og terrengforskjellen ved golfbana blir bevart. Bustadområdet som skal byggjast i Vestlio vil liggje på den skogkledde delen av åsen og skogområdet som er der i dag skal fjernast.

- | | |
|---|---|
| + | Ved Ørehaug Nord og Ørehaug Sør bevarer tiltaket dei store trea og terrengformasjonen mot golfbana. Det vil og ligge eit grønt belte mellom bustadområdet og golfbana. Det dempar den visuelle effekten av tiltaket i landskapet. Dersom ein ikkje skal ta vare på trea og terrenget vil dette bli vurdert som negativ (-). |
| + | Bustadområda Ørehaug Nord og Ørehaug Sør er godt tilpassa i det at dei ligg ved sidan av eksisterande bustadområde. |
| - | Tiltaket fører til meir utbygd areal i registreringsområdet. Dette fører til at den negative kontrasten i landskapet mellom kultur-/naturlandskap og moderne bylandskap aukar. |
| - | Dei nye bustadområda i Vestlio er ikkje godt tilpassa til dei eksisterande bustadområda. Det fører til at landskapet blir oppdelt, og heilskapen går tapt. |

Konklusjon: Negativ konsekvens (-)

Bustadområda på Ørehaug Nord og Ørehaug Sør er landskapsmessig godt tilpassa, og inngrep i landskapet tar vare på dei viktige landskapselementa eiketrea og terrengformene. Likevel blir små naturlege landskapsrom som eksisterer her i dag overbygd.

Problemet med tiltaket frå eit landskapsestetisk blick ligg i bustadområda i Vestlio. Her har ein allereie eit stort inngrep i landskapet grunna hoggflaten. Effekten av dette vil bli forsterka gjennom tiltaket. Tiltaket øydelegg naturlandskapet på andre sida av åsen. At området ligg på ein ås aukar effekten endå meir. Området er ikkje i ein samanheng med eksisterande bustadområde, noko som fører til at landskapet blir oppstykket.

Avbøtande tiltak:

- Utforming av grøntbeltet ved Ørehaug Nord og Ørehaug Sør med omsyn til eksisterande gangveg, og samtidig sjå til at det er tett nok til å skjerme det nye bustadområdet for golfbana og dei opne områda lenger mot vest.
- Redusere utnyttingsgrad til spreidd busetnad på heile området slik at det blir større mellomrom mellom bustadene for bevaring av eksisterande eller beplanting med ny vegetasjon. Bevaring av eksisterande vegetasjon er å føretrekkje.
- Etablering av ny vegetasjon på hoggflata som i hovudsak består av skog ved Vestlio. Dette vil føre til at planområdet må utvidast slik at det og omfattar arealet på den andre sida av åsen, men dette er eit godt høve til å dempe den negative effekten nye bustadeiningar i Vestlio har.

Avbøtande tiltak legg ei demping på effekten av tiltaket, men kan ikkje endre ei negativ vurdering.

Konsekvens av planforslaget med gjennomføring av avbøtande tiltak: Negativ konsekvens (-)

4.6 JORDRESSURSAR

4.6.1 Avgrensing og datagrunnlag

Dei ulike tema skal så langt råd er utgreiast med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, samt synfaring. Vurderingane er avgrensa til sjølve planområdet med tilhøyrande influensområde.

Det er nytta ein 3-delt skala for å angi konsekvens, positiv (+), inga (0) eller negativ (-) konsekvens. På denne overordna tiltaksframstillinga vert omfanget basert på prosjektforslaget slik det føreligg pr. i dag. Det vert ikkje gjort nyansar innanfor dei ulike føremålsområda i tiltaket.


Datagrunnlag nytta i utgreiinga:

- Ar5 (www.skogoglandskap.no, 2010).
- Gardskart (www.skogoglandskap.no, 2010).
- Landbruksplan for Stord og Fitjar. 2005-2010. Stord Fitjar Landbruks- og Miljøkontor 2005.
- Kjerneområde for landbruk. Utkast august 2010.

4.6.2 Avgang dyrka mark-/skogsmark

Ørehaug Sør og Ørehaug Nord

Delområda består av fulldyrka mark, innmarksbeite og uproduktiv lauvskog. Den fulldyrka marka vert nytta til grasproduksjon, medan innmarksbeitet er i ein attgroingsfase. Planframlegget vil fjerna om lag 6 daa fulldyrka jord og om lag 3 daa innmarksbeite.



Figur 4.18. Kart over markslag i områda Ørehaug Sør og Ørehaug Nord, Ar5. Planområdet er skissert.

Delområda ligg i utkanten av eit større område som er klassifisert som fulldyrka og overflatedyrka mark, no nytta som golfbane. Nærmaste areal som vert nytta til jordbruksføremål, grasproduksjon eller beite, er på Tveita/Lunde i nord-nordvest og Tyse i sørvest. Desse områda grensar ikkje til delområda. Den fulldyrka marka som delområda omfattar ligg isolert frå anna aktivt drive jordbruksareal.



Figur 4.19. Venstre: Del av den dyrka marka som vert nytta til grasproduksjon. Høgre: golfbana med tilhøyrande bygningsmasse.

Om lag 6 daa fulldyrka mark og 3 daa innmarksbeite vil verta fjerna ved gjennomføring av planframlegget. Omdisponering av arealet vil fjerne grunnlaget for framtidig jordbruksdrift på arealet og framtidige generasjonar sin moglegheit for jordbruksaktivitet der. Den fulldyrka marka vert i dag aktivt drifta, medan innmarksbeitet ikkje har vore nytta i den seinare tid etter at gardsdrifta på Prestagarden vart lagt ned på 90-talet. I ein større samanheng er omdisponeringa av mindre omfang og på eit areal som er av liten verdi for jordbruket i Stord kommune. Området si lokalisering i ei randsone mellom eksisterande bustadar og dagens golfbane, samt avstanden til næraste areal bruka til jordbruksføremål, begrensar den praktiske bruken av området som eit innmarksbeite for buskap og til grasproduksjon.

Det er ingen skogressursar innanfor delområda.


Vestlio

Tidlegare var store deler av delområdet tilplanta med norsk gran og sitkagran. Plantefeltet, som inkluderer tilgrensande areal i aust, vart hogd vinteren 2008. I dag består delområdet av ei hogstflate i aust og lauvskog med innslag av gran og furu i vest. Planframlegget vil bygga på hogstflata, samt deler av lauvskogen i vest. Planframlegget vil bygga på deler av hogstflata, samt lauvskogen i vest. Det er skissert ein buffer med grønstruktur mot Vestlivegen i vest.

Det er ingen jordbruksressursar innanfor delområdet.

Markslagskart på nett syner området som barskog på særskilt høg bonitet (www.skogoglandskap.no). Det er ikkje tilplanta med nye skogplantar på hogstflata etter uttaket frå plantefeltet. Området har potensiale for skogbruksdrift, jf. markslag og bonitet, men er etter dagens skogbruksnormer lite eigna. Området har aldri vore tiltenkt skogbruk i eit langt perspektiv, då det i kommuneplan og reguleringsplan er synt som friområde. Omdisponering av arealet vil fjerne grunnlaget for framtidig skogbruksdrift på arealet. Sjå figur 4.20.

I større samanheng har området liten verdi for skogbruket i Stord kommune. Dette med bakgrunn i arealet sin storleik og lokalisering. Dei store verdiane for skogbruket i kommunen ligg på vestsida av E39 og opp mot fjellområda.



Figur 4.20: Kart over markslag i Vestlio, Ar5.




Figur 4.21. Bilete av skogområdet som ligg i skråning mot Vestlivegen i vest. Spor etter hogstfeltet med sitkagran.

4.6.3 Kjerneområde landbruk

Med kjerneområde landbruk meiner ein dei areala i kommunen som er viktige for to av landbrukets sentrale samfunnsoppgåver; produksjon av mat og oppretthalding av jordbrukets kulturlandskap. Samstundes må områda ha ein viss storleik og samanheng.

Stord kommune i samarbeid med lokal og regional myndigheit, jobbar i desse dagar med å avgrensa og definera områder som kjem under omgrepet *kjerneområde landbruk*. I utkast til kjerneområde for landbruk er delområdet Ørehaug Sør inkludert i eit større område klassifisert som kjerneområde for landbruk. Kjerneområdet strekk seg frå Fuglevikjo i nord, til Rommetveit/Økland i aust og Tyse i sør. Ørehaug Sør ligg som

ein utkant av kjerneområdet. Delområdet grensar til golfbana som er eit reversibelt tiltak og enkelt kan tilbakeførast til tradisjonell landbruksdrift. Delområdet Ørehaug Sør er av lite omfang og er av liten verdi for landbruket i Stord kommune. Definert kjerneområde for landbruk vil verta redusert, men dette store området sin kvalitet og ressurs vil verta mindre påverka av omdisponeringa.



Figur 4.22: Planlagde bustadområde i forhold til kjerneområde for jordbruk.

Vestlio og Ørehaug Nord grensar til, men ligg utanfor kjerneområdet for landbruk. Planframlegget vil ikkje påverke dei utpeika landbruksområda sine kvalitetar som landbruksressurs.

4.6.4 Vurdering av konsekvens

Ørehaug Sør og Ørehaug Nord

På bakgrunn av eksisterande kjennskap, vil tiltaket vere negativt for landbruket innanfor delområda gjennom tap av landbruksareal (6 daa fulldyrka jord og 3 daa innmarksbeite). Til tross for tap av areal er jordbruksinteressene avgrensa til eit mindre område som topografisk er isolert. I ein større samanheng er omdisponeringa av mindre omfang og på eit areal som er av liten verdi for jordbruket i Stord kommune.

Det er ingen skogressursar innanfor planområdet.

Vestlio

På bakgrunn av eksisterende kjennskap, vil tiltaket vera negativt for landbruket innanfor planområdet gjennom tap av areal som skogbruksressurs. Tyngda av skogbruksressursane i Stord kommune er å finna vest for E39. Delområdet utgjer eit lite område i skogbrukssamanheng og er etter dagens skogbruksnormer lite eigna. Dette tilseier at dette området har liten verdi for skogbruket i Stord kommune. I kommuneplan og reguleringsplan er området frigitt som friområde. I ein større samanheng er omdisponeringa av mindre omfang, men omfattar eit areal som har potensiale for etablering av produktiv skog., jf. bonitetskart. Deler av området har vore plantefelt med norsk gran og sitkagran. Plantefeltet vart hogge vinteren 2008.

Det er ingen jordbruksressursar innanfor planområdet.

- | | |
|---|--|
| 0 | Ingen skogressursar går tapt for delområda Ørehaug Sør og Ørehaug Nord. |
| 0 | Ingen jordbruksressursar går tapt for delområdet Vestlio. |
| 0 | Delområda Ørehaug Nord og Vestlio grensar til, men er ikkje definert som, kjerneområde for landbruk, jf. utkast til kjerneområde for landbruk. |
| - | Avgang av fulldyrka mark og innmarksbeite for delområda Ørehaug Sør og Ørehaug Nord. |
| - | Avgang av areal med potensiale for etablering av produktiv barskog på mark av særst høg bonitet for delområdet Vestlio. |
| - | Delområdet Ørehaug Sør er definert som kjerneområde for landbruk, jf. utkast til kjerneområde for landbruk. |

Konklusjon: Negativ konsekvens (-)

Avbøtande tiltak:

Det er ingen aktuelle avbøtande tiltak.

Konsekvens av planforslaget med gjennomføring av avbøtande tiltak: Negativ konsekvens (-)

4.7 SAMORDNA AREAL- OG TRANSPORTPLANLEGGING

4.7.1 Avgrensing og datagrunnlag

Prinsipp for samordna areal- og transportplanlegging har som hensikt å leggje til rette for bruk av miljøvennlige transportmiddel og at transportbehovet avgrensast. Korte avstandar mellom bustadområde og viktige funksjonar for daglege gjeremål, samt nærleik til kollektivknutepunkt er viktige strategiar. I tillegg er det viktig med klare grenser mellom utbygde områder og landbruks-, natur- og friluftsområder. Planinnspelet omfattar utbyggingsområde for bustad, næring og barnehage som medfører trafikale konsekvensar for overordna og underordna vegnett i Nordbygdo-området.

Denne delen har til hensikt å vurdere trafikale konsekvensar i høve til arealinnspelet for Vestlio, Ørehaug Sør og Ørehaug Nord. Desse vurderingane er knytt til turproduksjon som følgje av foreslått arealbruk, trafikkfordeling, vegnettets kapasitet både når det gjeld bil-, sykkel- og gangtrafikk, samt problemstillingar knytt til lokalisering og kollektivtrafikk.

Grunnlag for vurdering av turproduksjon er grovt stipulert og vil vera indikasjonar på eit framtidig trafikkbilde. Dette som følgje av ein del uvisse ved endelig arealbruk og utnytting som ikkje er avklart i denne fasen. Det er også føretatt ei vurdering av korleis denne trafikken vil verta fordelt på det lokale vegnettet. I lokale vegnett inngår fv. 58 Vestlivegen, fv. 61 Hystadvegen og Rommetveitvegen. Med overordna vegnett meinast E39. Dagens vegsystem og kollektivtilbod vert lagt til grunn som vurderingsgrunnlag.

Følgjande kjelder har vore nytta:

- Trafikkberegninger, handbok 146.
- Sykkelhandboka, handbok 233.
- Veg- og gateutforming, handbok 017.
- Tilrettelegging for kollektivtransport på veg, handbok 232.
- Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal og transportplanlegging, T-5/93.
- TØI. 2005. Miljøtiltak på veg, - byer og tettsteder. www.miljoveg.toi.no
- Fyhri, Aslak og Randi Hjorthol. 2006. Barns fysiske bomiljø, aktiviteter og daglige reiser, TØI-rapport 869/2006.
- Denstadli, Jon Martin, Øystein Engebretsen, Randi Hjorthol og Liva Vågane. 2005. RVU 2005 – Den nasjonale reisevaneundersøkelsen, nøkkelrapport. TØI-rapport 844/206.
- SSB.
- Skyss.
- Norheim, Bård og Alberte Ruud. 2007. Kollektivtransportboka. Urbanet Analyse.

4.7.2 Dagens tilhøve

Planområdet grensar til fv. 58 Vestlivegen som har ei sentral rolle som tilkomstveg mellom E39 og fv. 61 Hystadvegen. Store bustadområde, Nordbygdo ungdomsskule, Nordbygdo idrettspark og HSH er sentrale målpunkt knytt til desse vegane.

Vestlivegen er kopla til E39 med T-kryss ved Ådlandsvatnet. Vidare forbindelse til Leirvik går via E39 og fv. 544 som er kortaste veg mellom utbyggingsområda og Leirvik sentrum. Dette er også snaraste veg til Vabakken og Heiane. Strekninga fv. 58 Vestlivegen mellom kryss Nordbygdo ungdomsskule og E39 har fartsgrense 80 km/t, og manglar løysing for gåande og syklande. Vestlivegen mellom kryss ved Nordbygdo ungdomsskule og fv. 61 har fortausløysing og fartsgrense 50 km/t.

Fv. 57 Hystadvegen/Rommetveitvegen har einssidig fortau og fartsgrense 50 km/t.

Dagens trafikkmengder, registrerte ulykker og ulykkesfrekvens

Vegarm/strekning	ÅDT 2010	Ulykker 2000 -2007	Ulykkesfrekvens
Fv. 58 Vestlivegen	1500 kjt/d	5	0.81
Fv. 61 Hystavegen sør for kryss m/fv. 58	3500 kjt/d	8	0.31
Fv. 61 Rommetveitvegen nord for kryss m/fv. 58	2000 kjt/d	1	0.12
Kryss E39/fv. 58 ved Ådlandskrysset	4500 kjt/d	3	0.26

Trafikkulykker



Figur 4.23: Trafikkulykker Vestlivegen (kilde: nasjonal vegdatabank).

I følge nasjonal vegdatabank (NVDB) er det i perioden 2000 – 2007 registrert 5 personskadeulykker på fv. 58 Vestlivegen. Dette tilsvarer ein ulykkesfrekvens på 0,81 ulykker pr. million kjøretøykilometer. Forventa ulykkestal på denne type veg er 1 ulykke innanfor 7 års perioden med utgangspunkt i tilsvarande trafikkmengde og fart. For fv. 61 er det registrert 8 personskadeulykker i same periode, som er innanfor det antal ulykker ein kan forvente på denne type vegar. Krysset mellom E39 og fv. 61 er det registrert 3 personskadeulykker i 7 års perioden. Dette er det dobbelte av kva som er forventa for slike kryss. Det er også seinare registrert dødsulykke i krysset.

Generelt sett er ulykkesstatistikken på fv. 58 Vestlivegen og krysset mellom fv. 61 og E39 for høg. Alle ulykkene på Vestlivegen er registrert vest for Tyse, innanfor 80 sona.

4.7.3 Framtidig turproduksjon

Tabellar under syner dei ulike delområda og kva for arealføremål og utnytting ein ser føre seg, samt storleik for dei enkelte delområda.

Arealføremåla som planinnspelet omfattar vil i svært ulik grad generere transport. Tabellen under syner erfaringstal for turproduksjon for ulike arealbruk. Personturar er det totale talet på turar, inkludert turar til fots, på sykkel, med kollektivtransport og med bil. Erfaringstala er generelle og det vil kunne vere store forskjellar

mellom desse og faktisk turproduksjon. Reiseavstandar mellom målpunkt og tilgang på til dømes kollektivtransport er forhold som verkar inn på kor stor del av turane som skjer med bil.

Arealbruk	Personturar	Bilturar
Bustad, per eining	9	3,5
Industri (fabrikk, lager, verkstad, engros), per 100 m ²	6	3,5
Handel (deltaj, kiosk, bensinstasjon, kjøpesenter), per 100 m ²	90	45
Kontor (post, bank, helse off. kontor), per 100 m ²	12	8

Tabell 4.1: Erfaringstal turproduksjon (Kjelde: Handbok 146 Trafikkberekingar).

Det er viktig å understreke at det knyter seg uvisse til berekingane. Mange faktorar kjenner ein sjølvstekt ikkje i dag, informasjon som kan medføre at utrekningane må justerast når desse blir betre kjent.

Dimensjoneringsgrunnlag Vestlio:

- Området er avsett til konsentrert småhusbusetnad og utgjer 27 daa: Med ei utnyttingsgrad på 40% BYA utgjer dette ca 100 einingar. Lokaliseringa av bustadområdet i Vestlio, samt kollektivtilbodet, gjer at vi antar at ein større del av turane skjer med bil enn det erfaringstalet frå handbok 146 tilseier. Me legg til grunn 4 bilturar per bustadeining per dag.

AREALBRUK VESTLIO	BILTURAR	MAKS UTNYTTING	KJT/D
Konsentrert busetnad	4 per eining	100 einingar	400

Tabell 4.2: Turproduksjon Vestlio.

Dimensjoneringsgrunnlag Ørehaug Sør:

- Området er avsett til konsentrert småhusbusetnad og utgjer 7 daa. Med ein utnyttingsgrad på 35% BYA utgjer dette ca 20 einingar. Lokaliseringa av bustadområdet i Vestlio, samt kollektivtilbodet, gjer at vi antar at ein større del av turane skjer med bil enn det erfaringstalet frå handbok 146 tilseier. Me legg til grunn 4 bilturar per bustadeining per dag.

AREALBRUK ØREHAUG SØR	BILTURAR	MAKS UTNYTTING	KJT/D
Konsentrert busetnad	4 per eining	20 einingar	80

Tabell 4.3: Turproduksjon Ørehaug Sør.

Dimensjoneringsgrunnlag Ørehaug Nord:

- Området er avsett til konsentrert småhusbusetnad og utgjer 3 daa. Med ei utnyttingsgrad på 35% BYA utgjer dette ca 95 einingar. Lokaliseringa av bustadområdet i Vestlio, samt kollektivtilbodet, gjer at vi antar at ein større del av turane skjer med bil enn det erfaringstalet frå handbok 146 tilseier. Me legg til grunn 4 bilturar per bustadeining per dag.

AREALBRUK ØREHAUG NORD	BILTURAR	MAKS UTNYTTING	KJT/D
Konsentrert busetnad	4 per eining	10 einingar	40

Tabell 4.4: Turproduksjon Ørehaug Nord.

Dette gir ein samla turproduksjon på til saman:

SAMLA TURPRODUKSJON AV UTBYGGING	KJT/D
Vestlio	400
Ørehaug Sør	80
Ørehaug Nord	40
SUM TURPRODUKSJON	520

Tabell 4.5: Samla turproduksjon.

Som det kjem fram av tabell 4.5 er lokalattrahert trafikkmengde som følgje av tiltaket berekna til ca 520 kjt/d.

4.7.4 Framtidig trafikkmengde, trafikkfordeling og tilkopling til fv. 58

Vi føreset at generell trafikkvekst for lokalvegnettet vil vera ca 1% per år. Større utbyggingar vil vere utslagsgivande og komme i tillegg til denne prosentdelen. Vi forventar følgjande trafikkfordeling av utbygginga:

Vestlio

Ei utbygging av Vestlio kan gi ein turproduksjon på ca 400 kjt/d. Denne trafikken vil fordele seg på eksisterande lokalvegnett. Hovudtilkomst til planområdet er tenkt via fv. 58 Vestlivegen om lag ved dagens vestre avkjørsle til idrettsparken. Nytt kryss med fv. 58 bør utformast etter gjelande krav i HB017.

Ørehaug Sør

Utbygging i Ørehaug Sør innebere ein samla turproduksjon på til saman 80 kjt/d. Området vil få tilkomst via Vestlivegen og gjennom kommunal veg Ørehaugsvegen. Ørehaugsvegen er ein relativt smal bustadveg utan fortau. Dagens veg har ein trafikkmengde på 120 kjt/d. Framtidig trafikkmengde vil vera ca 200 kjt/d. Kort veg til busshaldeplass ved Hystavegen/Rommetveitvegen. Det er etablert fortausløyisingar både langs Vestlivegen og Hystadvegen/Rommetveitvegen.

Vi forventar ei jamn fordeling av trafikken ut på Vestlivegen og vidare.

Ørehaug Nord

Utbygging i Ørehaug Nord inneber ein samla turproduksjon på 40 kjt/d. Området vil få tilkomst via fv. 61 Rommetveitvegen og kommunal veg Hagatre som er hovudtilkomst til Prestagarden og Prestagardsskogen golfbane. Hagatre er ein bustadveg med fortau. Denne vegen har god standard og ein trafikkmengde på ca 60 - 100 kjt/d. Framtidig trafikkmengde vil vera ca 100 - 150 kjt/d. Kort veg til busshaldeplass ved Hystadvegen/Rommetveitvegen. Det er etablert fortausløyisingar både langs Vestlivegen og Hystadvegen/Rommetveitvegen.

Langs aksa fv. 61 frå Rommetveit til Leirvik er det fleire sentrale målpunkt som attraherar mykje trafikk morgon og ettermiddag. Kortaste veg frå utbyggingsområdet til Leirvik er strekninga via fv. 58 Vestlivegen/E39/fv. 544 Sæ.

Vi føreset derfor at denne utbygginga vil gje framtidig trafikk som vist i tabell 4.6.

Føresetnader

- Dimensjoneringsperiode 10 år – forventa ferdig utbygd innan 10 år.
- Forventar generell trafikkvekst på 1% på lokalvegnettet per år.
- Forventar ei fordeling på 50/50 i forhold til spreing aust/vest retning Vestlivegen. Fordeling nord/sør, fv. 61 antar vi 30/70.

	FV 61 Vestlivegen vest	FV 61 Vestlivegen øst	FV 58 Hystadvegen	FV 58 Rommetveitvegen
ÅDT 2010	1500	1500	3500	2000
Generell trafikkvekst på 1% per år – 10 årsperiode	150	150	360	210
Trafikkauke grunna utbygging	200	200	410	100
Sum	1850	1850	4270	2310


Tabell 4.6: Fordeling av trafikkmengde på vegnettet.

4.7.5 Lokalisering i høve til kollektivtrasear og tettstadsstruktur

Bystruktur har innverknad på moglegheitene for å oppnå ei meir miljøvenleg transportutvikling, både når det gjeld transportmengde og bruk av transportmiddel. Ein meir spreidd bystruktur bidrar til at transportomfanget aukar og at det vert vanskelegare og meir kostbart å få til eit effektivt og konkurransedyktig kollektivtilbod. Viktige prinsipp for å redusere transportomfanget og å leggje til rette for miljøvennlege transportmiddel er:

- Konsentrert utbyggingsmønster der det vert fortetta innanfor eksisterande tettstadsgrense.
- Høg tettleik internt i dei enkelte utbyggingsområda.
- Lokalisering av nye utbyggingsområde til kollektivknutepunkt og langs kollektivaksar.
- Sentralisert lokalisering av bustader og arbeidsplassar innanfor tettstadarealet.

Ein viktig arealstrategi er lokalisering av bustad- og næringsområde innan den eksisterande tettstadsgrensa. I tillegg bør desse funksjonane lokaliserast så nær sentrum som mogleg for å leggje til rette for lågt transportbehov. Figur 4.23 syner tettstadsarealet i Stord kommune i 2005. Leirvik tettstad strekkar seg frå Rommetveit i nordaust til Skjersholmane og Heiane i sørvest. Ørehaug Sør og Ørehaug Nord ligg like innanfor tettstadsarealet, mens Vestlio ligg utanfor eksisterande tettstadsgrense. Avstanden til Leirvik sentrum frå desse områda er om lag 3,5 km. Dette er i utgangspunktet ikkje ein lang avstand, men den må og sjåast i samanheng med kollektivkorridorane og eksisterande tettstadsareal.



Figur 4.24: Tettstadsareal Stord kommune⁵.

Ein annan viktige arealstrategi for å redusere transportomfanget og leggje til rette for å bruk av kollektivtrafikk er lokalisering av bustader og arbeidsplassar til kollektivknutepunkt der det er hyppige avgangar til viktige målpunkt. I følge "Handbok 232 Tilrettelegging for kollektivtransport på veg" vil ny busetnad innanfor gangavstand til eksisterande kollektivtilbod gje både det beste reisetilbodet og dei lågaste driftskostnadene samanlikna med lokalisering av bustadområdet utanfor eksisterande trasear. Gangavstand til haldeplass for lokallinjer bør i følge Handbok 232 vere mellom 300-500 meter i områder med samanhengande busetnad, avhengig av stigning og andre fysiske forhold.⁶

⁵ SSB. 2005: Tettsteder og sentrumssoner 1. januar 2005 Hordaland

⁶ Handbok 232 Tilrettelegging for kollektivtransport på veg

A. Nytt område betjenes av eksisterende linje	B. Nytt område betjenes med forlengelsen av eksisterende linje	C. Nytt område krever ny linje, f.eks. 6 km fra sentrum	D. Nytt område krever ny linje f.eks. 12 km fra sentrum
Kan bety netto forbedret resultat pga. økt passasjergrunnlag.	Vil gi moderate økninger i kostnader, avhengig av lengden på kjøredistansen.	Økte driftsutgifter på ca 3,5 - 4 mill kr/år.	Økte driftsutgifter på ca 7 mill kr/år.

Figur 4.25: Eksempel på økonomiske forskjeller ved å etablere busslinje som forlenging/forsterking av eksisterende linje eller ei heilt ny linje.

Busshaldeplassane som ligg nærmast dei planlagde bustadområda er Prestegardsskogen og Haga. Prestegardsskogen er eit stopp hovudsakleg for skuleruter, og ordinært kollektivtilbod går ikkje innom her med unntak av ein avgang dagleg til Leirvik. Haga er dermed den nærmaste haldeplassen med eit reelt kollektivtilbod. Rutene 675 Rommetveit-Leirvik sentrum, 671 Sandviksvåg/Fitjar-Leirvik sentrum og 700 Haugesund - Sveio - Stord går langs Rommetveitvegen/Hystadvegen og stoppar på Haga. Frå Haga til Leirvik er det 1-2 avgangar i timen på kvardagar, noko fleire i rushtida. I helga er tilbodet betydeleg redusert. Det tar ca 11 minutt med buss frå Haga til Leirvik terminal. Til samanlikning tar det ca 6 minutt med bil.

Haga ligg ca 200 meter unna Ørehaug Sør og ca 400 meter unna Ørehaug Nord. I tillegg kjem avstandar internt i planområdet, som vil auke avstanden med ca 100 meter for nokre av bustadene. Dette er likevel innanfor avstandsnorma for haldeplassar.

Det er ca 700 meter frå Vestlio til busshaldeplassen på Haga. I tillegg kjem avstandar internt i planområdet som kan gje opp mot 1 300 meter å gå frå dei bustadene som ligg lengst unna til haldeplassen. Dette er langt over avstandsnorma og gjer at det eksisterande kollektivtilbodet vil vere lite tilgjengeleg for eventuelle nye bebuarar i Vestlio. Prestegardsskogen ligg mellom 500 og 700 meter frå Vestlio. Med berre ei avgang dagleg frå denne haldeplassen utgjer ikkje dette eit reelt tilbod.

Eit aktuelt avbøtande tiltak kan vere at dei eksisterande rutene som går via Rommetveitvegen/Hystadvegen legg inn ei tilleggsøyfe som kjører Vestlivegen fram til ny rundkjøring ved bustadområdet, snur bussen i rundkjøringa og fortsett i opphavleg trasé. Ei slik løysing vil forlenge reisetida for andre reisande, noko som vil gje kollektivtrafikken dårlegare konkurransevne i forhold til bil for dei som bur langs eksisterande trasé. Ei anna løysing kan vere at enkelte bussruter går via Vestlivegen, E39 og Sæ til Leirvik sentrum. Denne løysinga vil ikkje gje uføutsiktsmessig lengre reisetid, denne traseen er faktisk kortare enn eksisterande trasé. Dersom ei slik løysing vert gjort innanfor eksisterande rutetilbod vil kollektivreisande langs eksisterande trasé oppleve at kollektivtilbodet vert dårlegare i form av færre avgangar. I tillegg vil ei slik rute gå langs ein trasé med lite busetnad og dermed i liten grad treffe befolkningskonsentrasjonane. Ei slik løysing må derfor sjåast i samanheng med om det er ønskjeleg og mogleg med vidare utbygging langs Vestlivegen og Sæ som kan forsvare ein slik rute. Det er og naturleg å sjå ein slik rute i samanheng med Hystadvegen og ei eventuell omklassifisering av denne til miljøgata.



Figur 4.26: Kollektivhaldeplassar.⁷ Haldeplass langs Vestlivegen er hovudsakeleg for skuleruter.

4.7.6 Gang- og sykkelveggar

Tabell 4.7 viser nokre viktige prinsipp for utforming av gang- og sykkelvegnett.

Gangtrafikk – prinsipp for utforming	Sykeltrafikk - prinsipp for utforming
<ul style="list-style-type: none"> • Nettet skal vere universelt utforma. Det skal og planleggjast slik at det å gå vert opplevd som trygt og attraktivt. • Avstand er eit nøkkelord for gåande. Snarveggar vert difor eit viktig ledd i eit effektivt nett for gåande. Dette kan vere trapper, stiar, smug osv. • Opplevinga er sentral; ein veg som byr på gode opplevingar kan virke kortare ved at det er mykje å sjå på og erfare undervegs. • Hovudregel at kryssing skal skje i plan. Gåande er følsame for omvegar, både vertikalt og horisontalt, og dette må ein søke å unngå. Spesielt undergangar kan verte opplevd som uttrygge og lite attraktive.⁸ • Tosidige fortau er hovudløysing for gåande. Gang- og sykkelveggar er alternative løysingar der det er liten gang- og sykkeltrafikk og få avkjøringar og kryss. 	<ul style="list-style-type: none"> • Samanhengane hovudvegnett for sykkel i byar og tettstader. • Syklende er kjørande. • Den syklende skal oppleve kontinuitet i hovudnettet. • Det skal vere god tilgjengelegheit mellom viktige målpunkt. • Utforminga skal bidra til at sykling vert opplevd som sikkert og attraktivt. • Hovudvegnett for sykkel skal leggje til rette for hurtig og direkte sykling i 25 – 30 km/t. • Hovudregelen er at kryssing skal skje i plan. Syklende er som gåande svært følsame for omvegar, både vertikalt og horisontalt.

Tabell 4.7: Prinsipp for utforming av gang- og sykkelvegnett⁹.

Strategiar for å leggje til rette for sykkel er lokalisering til stader med korte avstandar til viktige målpunkt, og der det føreligg god infrastruktur for sykkel. Innan dei ulike tettstadene i Stord kommune er det relativt korte avstandar mellom bustadområde og viktige målpunkt som sentrum, skular og arbeidsplasskonsentrasjonar. Infrastruktur for sykkel har lenge vore neglisjert i planlegginga, og ei kartlegging av sykkelvegnettet i Stord kommune syner at denne står fram som ein manglande bit i vegsystemet.¹⁰ Sykkelvegane i kommunen er fragmenterte og på fleire strekningar manglar tilfredsstillande løysingar i samsvar med Sykkelhandboka. Det er i denne samanhengen viktig å understreke at fortau i følgje sykkelhandboka ikkje inngår som løysing for sykkel. Figuren under syner forslag til hovudnett for sykkel i Stord kommune, med differensiering mellom strekningar

⁷ Nasjonal vegdatabank: <http://svvgw.vegvesen.no/http://svvnvdbapp.vegvesen.no:7778/webinnsyn/anon/index>

⁸ Dahlman 2005

⁹ Statens vegvesen. 2008. Håndbok 017 Veg- og gateutforming og Statens vegvesen. 2003. Håndbok 233 Sykkelhandboka

¹⁰ Kartlegging gjennomført av Plan Vest as


der det er tilfredsstillande løysingar i dag (blått) og strekningar der det er tiltaksbehov (raudt). Som det kjem fram av figuren manglar det i Nordbygdo i stor grad tilfredsstillande løysingar.



Figur 4.27: Oversikt over strekningar med tilfredsstillande løysingar for sykkel og strekningar med tiltaksbehov.

Figuren på neste side syner forslag til sykkelvegnett i Nordbygdo, samt forslag til system på dei ulike strekningane.¹¹ På kartet er det og markert avstandar 1 og 3 km frå det planlagde utbyggingsområdet. Ein kilometer er ein akseptabel gangavstand, mens tre kilometer utgjer ein gjennomsnittleg sykkelstur. Apply Leirvik, Stord Sjukehus, Høgskolen Stord/Haugesund er viktige målpunkt innanfor 3 km frå dei aktuelle områda. 5 km er og ein overkommeleg sykkelavstand. Med ein gjennomsnittsfart på 15 km/t tar det 20 minutt å sykle 5 km. Viktige målpunkt innanfor denne avstanden er Leirvik sentrum (ca 3,5 km), Vikahaugane idrettspark og Stord vidaregåande skule (ca 5 km).

¹¹ Forslaget er utarbeida av Plan Vest as på oppdrag frå Stord kommune. Rapporten er i skrivande stund ikkje politisk behandla



Figur 4.28: Forslag til samanhengande sykkelvegnett i Stord kommune, Nordbygdo bydel.¹² Planområda er teikna inn med blått.

Gående har i stor grad eit tilbod, enten fortausløyising eller kombinert gang- og sykkelveg. Vestlivegen manglar derimot eit gjennomgåande tilbod for gåande. Valdaivegen/Prestavegen er ein mykje nytta gang og sykkelveg

¹² Plan Vest. 2010. Delprosjekt - Stord kommuneplan: Grønstruktur, turveggar og gang- og sykkelveggar på Stord.

mellom Stord Kyrkje og Nordbygdo. Denne er fortsatt aktuell som ferdselsåre for både gåande og enkelte sykkelgrupper. Men er ikkje eit reelt alternativ for transportsyklisten, han vil velje snaraste veg og den vegen med færrest hindringar. Når det gjeld syklande er dagens system enten kombinerte gang- og sykkelveggar eller sykling i vegbane. Fartsgrense og trafikkmengde tilseier at det fleire stader bør etablerast sykkelfelt eller kombinert gang- og sykkelveg i staden for sykling i vegbane.

4.7.7 Vurdering av konsekvens

- | | |
|---|--|
| + | Det er fleire viktige funksjonar innanfor gang- og sykkelavstand frå dei planlagde bustadområda. |
| + | Ørehaug Sør og Ørehaug Nord ligg innanfor avstandsnorma for avstand mellom busshaldeplass og bustadområde. |
| + | Ørehaug Sør og Ørehaug Nord ligg innanfor tettstadareale og kan derfor verte betrakta som fortetting. |
| + | Ørehaug Sør og Ørehaug Nord har god tilkomst til fortausløyisingar langs Vestlivegen (aust) og Hystadvegen/Rommetveitvegen. |
| - | Ørehaug Sør og Ørehaug Nord medfører i lite grad auka trafikk på lokalvegnettet, men det bør etablerast fortausløyisingar langs Ørehaugsvegen. |
| - | Vestlio ligg utanfor tettstadsareale, i eit ubygd område. |
| - | Det er lang avstand til busshaldeplass frå Vestlio og det eksisterande kollektivtilbodet kan ikkje betene det nye bustadområdet. |
| | Ei utbygging av Vestlio skaper behov for tilbod for gåande og syklande langs Vestlivegen, både mot Haga og i retning Leirvik via fv. 58 Vestlivegen/E39/fv. 58, då denne strekninga er kortaste veg mellom utbyggingsområda og Leirvik sentrum. Sidan området langs denne strekninga per i dag er lite utbygd, framstår den som mindre attraktiv for gåande. Ein antar at desse heller vil gå via Tyselio/Ådland Nord for å kome til Leirvik. Men som tilkomst til friluftsområda ved Ådlandsvatnet vil dette vera ei sentral ferdselsåre. |
| - | Vestlio medfører noko auka trafikk, med utgangspunkt i ulykkesstatistikken på Vestlivegen vil dette medføre ytterligere fare for fleire ulykker. |
| - | Vestlio medfører auka trafikk i kryss mellom E39 og fv. 58 som kan medføre fleire ulykker i kryssområdet. |
| - | Det manglar i stor grad tilfredstillande løysingar for syklande mot viktige målpunkt. |

Konklusjon Vestlio og Ørehaug Sør: Negativ konsekvens (-)

Konklusjon Ørehaug Nord: Positiv konsekvens (+)

Dei negative konsekvensane er i fyrste rekkje knytt til Vestlio då dette området ligg langt frå eksisterande kollektivakse og haldeplassar. Nye bustader på Ørehaug Nord og Ørehaug Sør kan betraktast som fortetting og er i større grad i tråd med prinsippa for samordna areal- og transportplanlegging. Etersom Vestlio utgjør majoriteten av areala og bustadene, vert likevel konklusjonen negativ.

Avbøtande tiltak:


- Omlegging av bussruter og etablering av nye haldeplassar slik at Vestlio vert tilgjengeleg med kollektivtrafikk. Dette må kome som eit supplement til eksisterande rutetilbod slik at ikkje eksisterande kollektivtilbod vert dårlegare for etablerte bustadområde.
- Sikre gode løysingar for gåande og syklande mot viktige målpunkt der det ikkje er tilfredsstillande løysingar i dag.
- Redusere fartsgrensa langs fv. 58 Vestlivegen frå 70 km/t til 50/60 km/t.
- Undergang/overgang E39 og opphøyd gangfelt Vestlivegen.
- Redusere fartsgrensa frå 50 km/t til 40 km/t og etablere miljøgatetiltak i Hystadvegen og Rommetveitvegen, med sykkelfelt og eit utbetra tilbod for gåande. Dette vil redusere gjennomkjøringstrafikken og sikre dei mjuke trafikantane langs denne strekninga.
- Krysset mellom fv. 58 Vestlivegen og E39 må vurderast. Tiltak er nødvendig for å redusere talet på ulykker.

Konsekvens av planforslaget med gjennomføring av avbøtende tiltak: Positiv konsekvens (+)

4.8 TILGJENGE TIL UTEOMRÅDE OG GANG- OG SYKKELVEGNETT

4.8.1 Avgrensing og datagrunnlag

Tilgjengelegheit handlar om kor lett det er å kome seg frå ein stad til ein annan. Faktorar som påverkar tilgjengelegheita vil vere mellom anna fysiske avstandar og fysiske hindringar. I denne delen vil me ta for oss kva for uteområde ein finn i nærleiken av det planlagde bustadområdet, og i kva grad desse er tilgjengelege for ulike grupper. Ulike grupper menneske har ulik aksjonsradius. Barn, eldre og funksjonshemma har gjerne eit avgrensa område som er aktuelt, mens ungdom og vaksne kan bevege seg over lengre avstandar. Figuren under syner aksjonsradius for ulike aldersgrupper.



Figur 4.29: Aksjonsradius ulike aldersgrupper¹³.

I tillegg kjem ulike former for fysiske hinder som har betydning for kor tilgjengelig eit område er for alle. Dette kan vere trafikkerte vegar, terreng/høgdeforskjellar, overflatar/dekke og kontrastar/lesbarhet. Universell utforming handlar om at alle skal ha dei same moglegheitene, i denne samanhengen forstått som den same tilgjengelegheita, til å bruke dei fysiske omgjevnadene. Krav om universell utforming er nedfelt i plan- og bygningslova. Utforming av bygningar og infrastruktur i detaljplanlegginga av område vil skje i høve til dette regelverket. Når det gjeld turområde og turvegar er det eit mål at nokre utvalte område skal vere universelt utforma.

Følgjande kjelder har vore nytta:

- Utkast Delprosjekt - Stord kommuneplan: Grønstruktur, turvegar og gang- og sykkelvegar på Stord, Plan Vest As, 30.06.2010.
- Veileder for kartlegging av tilgjengelighet i uteområder, Statens kartverk, 2008.
- Håndbok 140 Konsekvensanalyser, Statens vegvesen, 2006.
- Hordaland fylkeskommune, kart.ivest.no
- Grønn by – arealplanlegging og grønstruktur, Håndbok 23, Direktoratet for naturforvaltning, 2003.

4.8.2 Tilgang til uteområde – kriteria


Det er gjennomført ei kartlegging av turområde og grønstruktur som ein del av arbeidet med kommuneplanen.¹⁴ På bakgrunn av kriterium i denne rapporten er det definert følgjande kriteria for tilgjengelegheit til uteområde:

¹³ Figuren er henta frå Statens vegvesen si Håndbok 140 Konsekvensanalyse

- Leike- og rekreasjonsareal: minst 5 daa i ein avstand på 200 meter frå bustad.
- Nærturterreng: større enn 200 daa i ein avstand på 500 meter frå bustad.
- Universelt utforma turområde: minimum 1 km gangveggar som er tilgjengeleg for alle i tilknytning til bustadområde.

Det er viktig å skilje mellom private fellesareal og offentleg tilgjengelege areal. Dei private fellesareala ligg innanfor dei enkelte bustadområda og omfattar leikeplassar og andre uteopphaldsareal. Disse vil ein føresetja at vert opparbeida innanfor areal som er sett av til bustad i planinnspelet.

4.8.3 Turveggar og turstiar i nærområda



Figur 4.30: Kart over turveggar og turområde Nordbygd.¹⁵ Det planlagde bustadområde er teikna inn med gult.

Figuren over syner oversikt over turområde og turveggar. Det er fleire turveggar i tilknytning til dei planlagde bustadområda. Disse knyt bustadområda saman med større turområde som Hundsåsen, Ådlandsvatnet og Vatnadalen. Som det kjem fram av figuren er det berre ein avgrensa del som har vorte klassifisert som universelt utforma turveg. Standarden varierar elles mellom turveggar med fast dekke og grus og stiar.

¹⁴ Utkast Delprosjekt - Stord kommuneplan: Grønstruktur, turveggar og gang- og sykkelveggar på Stord, Plan Vest As, 30.06.2010

¹⁵ Figuren er henta frå rapporten *Delprosjekt - Stord kommuneplan: Grønstruktur, turveggar og gangsykkelveggar på Stord. Tilrettelegging av samanhengande turveg- og sykkelvegnett*, Plan Vest, 2010.

4.8.4 Leikeområde og turområde i nærområda

Under følgjer ei oversikt over område for leik, fritidsaktivitetar og friluftsliv i nærområda til dei planlagde bustadområda:

- **Nordbygdo idrettsanlegg** ligg like ved det planlagde bustadområdet. Her er det ei helsesportløype med bane for rullestolbrukarar og rulleski, to fotballbaner, innandørs skytebane og fleirbrukshall. Avstand til idrettsanlegget: Grensar til Vestlio, ca 100 - 500 meter frå Ørehaug Sør og Ørehaug Nord.
 - Hindringar/barrierar: Det er i dag ikkje gangfelt over Vestlivegen, og vegen ligg som ein barriere mellom Ørehaug Sør og Ørehaug Nord og idrettsanlegget.
- Det er og fine friluftsområde i nærleiken av det planlagde bustadområdet. **Ådlandsskogen** er ein kystfuruskog der det er registrert fleire raudlista artar som hønsehauk, sporvehauk, venehals og gråspett. Skogen er og ein viktig grøn korridor som knytter bustadområda i Nordbygdo til friluftsområda langs **Ådlandsvatnet**. Det går eit nett av turveggar i området, som knyt bustadområda saman med Ådlandsskogen og så vidare mot Ådlandsvatnet. Enkelte av desse er turstiar der det er dårlegare dekke osv.
 - Avstand til Ådlandsskogen: Ca 0 – 1 000 meter.
 - Avstand til Ådlandsvatnet: ca 800– 2 000 meter.
 - Fysiske hindringar/barrierar: Det er i dag ikkje gangfelt over Vestlivegen, og vegen ligg i dag som ein barriere mot Ådlandsskogen, for Ørehaug Sør og Ørehaug Nord. Vestlio grensar derimot til skogen. Det er ikkje tilrettelagde løysingar for gåande og syklende langs Vestlivegen frå dei planlagde bustadområda og til E39, og E39 ligg i tillegg som ein barriere mot Ådlandsvatnet. Som alternativ til Vestlivegen er det mogleg å nytte turvegane gjennom Ådlandsskogen mot Ådlandsvatnet. Delar av turvegnettet kan klassifiserast som stiar med dålegare dekke, mens andre delar består av skogsvegar. Varierende stigning, bratt opp frå E39.
- **Stord golfpark** her er det ei 9-holls golfbane, ein puttballpark og minigolfanlegg. Det går og ein turveg langs med golfbana som er ein del av eit nett av turstiar i området, og som gir tilgang til både Ådlandsskogen, Ådlandsvatnet og Hundsåsen. Om vinteren når ikkje golfbana er i bruk blir den mykje nytta til skigåing og aking.
 - Avstand til golfparken: Grensar til Ørehaug Sør og Ørehaug Nord, Ca 400 meter frå Vestlio.
 - Fysiske hindringar/barrierar: Grusa sti med god bredde (1,5-2 meter) går forbi Ørehaug Sør og Ørehaug Nord. Frå Vestlio må ein krysse Vestlivegen for å få tilgang. Småkupert.
- **Stord islanshestesenter** ligg sørvest for eksisterande travbane. Her er det ridebaner og ridehall.
 - Avstand til hestesenteret: ca 250 – 1 000 meter.
 - Fysiske hindringar/barrierar: Frå Ørehaug Sør og Ørehaug Nord kan ein nytte turveg langs golfbana og nyleg etablert asfaltert veg med fortau. Småkupert og slak stigning. Frå Vestlio må ein krysse Vestlivegen, og vegen derfrå.
- **Stord hestesportsenter** omfattar travbane og opparbeida ridebane. Det går og stiar gjennom og langsmed travbana.
 - Avstand til hestesportsenteret: ca 50 – 500 meter.
 - Fysiske hindringar/barrierar: Frå Ørehaug Sør og Ørehaug Nord kan ein nytte turveg langs golfbana. Småkupert. Frå Vestlio må ein krysse Vestlivegen.

- **Hystadmarka** ligg søraust for dei planlagde bustadområda. Området er definert som eit svært viktig regionalt friluftsområde.¹⁶ Her er mellom anna fleire badeplassar.
 - Avstand til Hystadmarko: Ca 1 500-2 500 meter.
 - Fysiske hindringar/barrierar: Ein må følgje det lokale vegnettet mot Hystadmarka for å få tilgang til området. Innanfor Hystadmarka går det turveg som gir tilkomst til dei ulike delområda. Enkelte bratte parti. Jamn, grusa veg.
- **Hystad skule** ligg sør for dei aktuelle bustadområda. Her er det mellom anna kunstgrasbane.
 - Avstand til Hystad skule: 500-1 000 meter.
 - Fysiske hindringar/barrierar: Frå Vestlio kan ein følgje helsesportløypa og gangveg. Frå Ørehaug Sør og Ørehaug Nord kan ein følgje turveg eller det lokale vegnettet til Vestlivegen.
- **Nordbygdo ungdomsskule** ligg like sør for dei planlagde bustadområda. Her er det ein aktivitetspark med ulike leikemoglegheiter.
 - Avstand til Nordbygdo ungdomsskule: 300-800 meter.
 - Fysiske hindringar/barrierar: Frå Vestlio kan ein følgje helsesportløypa og gangveg, frå Ørehaug Sør og Ørehaug Nord kan ein følgje turveg eller det lokale vegnettet til Vestlivegen.

4.8.5 Vurdering av konsekvens

Det ligg ei rekkje friluftsområde og ulike utandørs aktivitetstilbod i Nordbygdo. Avstanden mellom disse varierer, og vil være tilgjengeleg for ulike grupper som i forskjellig grad. Små barn og eldre vil til dømes ha mindre aksjonsradius enn ungdom og vaksne. Det er og eit nett av turveg og turstiar som knyt større friluftsområder saman med dei planlagde bustadområda. Fysiske barrierar for bruk av desse uteområda er i første rekkje knytt til vegars barrierefunksjon både når det gjeld kryssing av vegar grunna manglande gangfelt og ferdsel langs vegar på grunn av manglande fortau/gang- og sykkelveg. Dekke og høgdeforskjellar gjer at få av tilkomstane er universelt tilgjengeleg. På en andre sida ligg helsesportløypa ikkje langt unna.

+	Tilgang til universelt utforma turveg i nærområdet til dei planlagde bustadområda.
+	God tilgang til turveg og turområde i nærområda.
+	Grøne korridorar og turveg knytter dei planlagde bustadområda saman med turområde som Ådlandsvatnet, Vatnadalen og Hundsåsen.
+	Fleire utandørs aktivitets- og fritidstilbod i nærområda.
0	Planen vil ikkje føre til endra tilgjengelegheit til omkringliggjande turområder.
-	Dei fleste av turvegane er ikkje universelt tilrettelagt.
-	Kryssing av vegar og ferdsel langs vegar utan tilrettelagde løysingar vil utgjere barrierar for bruk av uteområda. Spesielt gjeld dette Vestlivegen og E39.

Konklusjon: Positiv konsekvens (+)

Avbøtande tiltak:

- Redusere vegars barrierefunksjonar gjennom etablering av opphøgd gangfelt Vestlivegen, undergang E39 og fortau/gang- og sykkelveg langs Vestlivegen og E39.
- Sikre universell tilkomst, bygningar og infrastruktur i den vidare planlegginga.

Konsekvens av planforslaget med gjennomføring av avbøtande tiltak: Positiv konsekvens (+)

¹⁶ Kilde: Hordaland fylkeskommune, kart.ivist.no

4.9 NÆRLEIK TIL GOLFBANE

4.9.1 Avgrensing og datagrunnlag

Området som er foreslått til bustad, barnehage og bydels/lokalsenter ligg tett opp til eksisterande golfbane. På den eine sida utgjer dette anlegget eit aktivitetstilbod til eventuelle framtidige bebuarar. På den andre sida er det ikkje uproblematisk å lokalisere bustadområde tett opp til golfbanar. Golfballar på aveige kan utgjere både ein risiko og vere eit utryggleiksmoment for bebuarane. I denne samanhengen vil me ta føre oss anbefalte tryggleikssoner mellom golfbane og bustadområde, og sjå planinnspelet opp mot disse.


Følgjande kjelder har vore nytta:

- Norsk golfforbund. Sikkerhetsanbefalinger for golfbaner.
- Reguleringsplan for Prestagarden golfbane.
- Samtaler med Stord golfbane.

4.9.2 Risikofaktorar

Ein golfball med utslagshastighet på 200-300 km/t kan føre til alvorlege skader, og i verste fall vere dødeleg. For golfspelalar finst det reglar som skal redusere risikoen for spelarane. Mellom anna skal ein golfspelalar som slår ein golfball på aveige rope "FORE" for å åtvare medspelalar om at det er fare for å verte treft av ein ball. Då skal ein krype saman og beskytte hovudet med armar og hender. Dette er eit tiltak som i første rekkje vil åtvare golfspillalar, og ikkje folk som oppheld seg utanfor golfbana.

Undersøkingar syner at 99 % av golfballane vil lande innanfor ein sone med bredde på 75 meter. Norsk golfforbund anbefalar 60 meter frå spelelinja som sikkerheitssone til nabogrenser. Det er anbefalt noko større avstand til grense for busetnad. Sjå figur 4.30 for illustrasjon av desse anbefalingane.



Figur 4.31: Anbefalte avstandsnormer (kilde: Norsk golfforbund).

Forhold som har betydning for tryggleiken og risiko:

- Slicing er eit golfuttrykk for ballar som skruv kraftig til høgre eller venstre. Ved bruk av høgrehendte køller skruv ballen til høgre, og dette er mest utbredt. Utbyggingsområde lokalisert til høgre for slagretninga vil difor vere meir utsett enn busetnad til venstre for slagretninga.
- Topografi vil og påverke sikkerhetsproblematikken. Motbakkar vil redusere kravet til sikkerheitssoner, mens nedoverbakkar vil gje behov for auka avstandar.
- Andre forhold som har betydning for kvar golfballen landar er vind, type ball, kor dårleg slaget er slått og kva for kølle som er nytta.

I dette planinnspelet er det fyrst og fremst Ørehaug Nord, og til dels Ørehaug Sør som ligg utsett til i forhold til golfbana. I figuren under er avstandsnormer, slik dei er anbefalt av Norsk golfforbund, teikna inn (rosa stipla linje). Her er det lagt inn 60 meter på kvar side av spelelinja. I tillegg bør det vere ein ekstra buffer mot bustadområdet. Denne bufferen må leggjast til dei rosa stipla linjene i figuren.

Som det kjem fram av figuren ligg ikkje bustadområda innanfor avgrensing av spelefeltet for dei ulike hulla. Rundt driving range er det teikna inn ein sektor på 15° på kvar side av spelelinja. Undersøkingar syner at 92 % av ballane vil hamne innanfor denne linja. Dette betyr at ca 8 % av ballane som vert slått vil hamne utanfor feltet som er teikna inn i figuren. Ettersom Ørehaug Nord ligg til høgre for spilleretninga er det ein reell risiko for at ballar kan hamne innanfor området. Høgdeforskjellar vil på den andre sida redusere risikoen for at golfballar vil hamne innanfor areal foreslått til bustader.



Figur 4.32: Arealinnspelet for Ørehaug Sør og Ørehaug Nord med markering av avgrensing av spelefelt for golf i høve til anbefalte avstandsnormer frå Norsk golfforbund.

4.9.3 Vurdering av konsekvens

- | |
|--|
| + Nærleik til eit attraktivt aktivitetstilbod. |
| + Golfbana er eit mykje brukt område for skigåing og aking om vinteren. |
| 0 Ingen risiko for at golfballar hamnar innanfor Vestlio eller Ørehaug Sør. |
| - Risiko for at golfballar vert slått slik at dei hamnar innanfor bustadområde på Ørehaug Nord. |
| - Oppleving av utryggleik for bebuarar på Ørehaug Nord knytt til bruk av både private og felles uteområder på grunn av at det er ein reell risiko for å verte treft av golfballar. |

Konklusjon Vestlio og Ørehaug Sør: Positiv konsekvens (+)

Konklusjon Ørehaug Nord: Negativ konsekvens (-)

Avbøtande tiltak:

- Tryggleiksnett der vegetasjonen ikkje er høg og tett nok til å stoppe golfballar, og der det ikkje er tilstrekkeleg bufferavstand mellom bustadområde og golfbane. Eventuelt kan det setjast opp nett midlertidig til vegetasjonen er høg og tett nok. Høgde og plassering vil verte naturlege tema i ein reguleringsplan. Dette må og vurderast i høve til landskap og estetikk, samt konsekvensar for fugl.
- Gjerde mellom golfbane og bustadområde for å sikre at barn og unge ikkje nyttar område til leikeområde under spelesesongen.

Konsekvens av planforslaget med gjennomføring av avbøtande tiltak: Positiv konsekvens (+)

4.10 BARN OG UNGES OPPVEKSTVILKÅR

4.10.1 Avgrensing og datagrunnlag

Det er eit overordna nasjonalt mål å sikre barn og unge trygge fysiske omgjevnader og eit godt oppvekstmiljø. Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging presiserer dei nasjonale krava og forventningane i arealplanlegginga, både når det gjeld planprosessen og fysisk utforming av areal og anlegg for barn og unge.

Skuleområdet har ein viktig funksjon som nærmiljøanlegg. Skuleveg, grønstruktur og friluftsområde er sentrale for fysisk og sosial utfolding. Det er eit mål at alle barn skal ha minst ein time fysisk aktivitet dagleg. Best oppnår ein dette ved å leggje til rette for fysisk aktivitet i samband med daglege gjeremål. Det vil seie trygge gang- og sykkelveggar mellom heimen, barnehagen, skulen, idrettsanlegget og kulturskulen. Nye barnehagar og skular må plasserast i område som har gode kvalitetar som er eigna for lek og opphald. Det bør og vere kort avstand til turområde og grønstruktur utanfor sjølve tomta. Det bør leggjast til rette for gang og sykkelveggar slik at foreldre i størst mogleg grad kan gå eller sykle når dei skal bringe og hente barn i barnehagen.

Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge set krav om at areal og anlegg som skal nyttast av barn og unge skal vere tilfredsstillande sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare. I tillegg skal det setjast av tilstrekkelege, store nok og eigna areal.

Barn og unge sine oppvekstvilkår kan også sjåast i lys av økonomiske, sosiale og kulturelle levekår.

Følgjande kjelder har vore nytta:

- Miljøverndepartementet: Rundskriv T-2/08 Om Barn og planlegging. Rikspolitiske retningslinjer.
- Stord kommune: Styringsdokument for oppvekst 2007-2015.
- Temanettsider Miljøverndepartementet og Fylkesmannen i Hordaland.

4.10.2 Demografiske forhold

Per 1.1.2010 er det 5565 innbyggjarar i Nordbygdo (tal frå tilhøyrande grunnkrinsar¹⁷). Dette utgjer 31,5 prosent av folkemengda i Stord kommune og gjer Nordbygdo til den største bydelen målt i talet på innbyggjarar. Til samanlikning har Leirvik 25,3 prosent, Sagvåg/Litlabø 20,6 prosent, Heiane/Eldøy/Kårevik 14,4 prosent og Huglo 0,7 prosent av folketalet.

Nordbygdo har også flest unge i alder 6-12 år, målt i absolutte tal. Sosiodemografiske analysar basert på grunnkrinsnivå viser at Nordbygdo mellom anna er den bydelen med høgast inntektsnivå, formue og utdanningsnivå på Stord. Samla sett indikerer dette gode føresetnader for barn sine økonomiske, sosiale og kulturelle oppvekstvilkår.

4.10.3 Tilbod i området for barn og unge

Det er gode private og offentlege tilbod med omsyn på barnehage, skule, kulturtilbod, idretts- og friluftsliv. Etablerte barnehagar i området er Dalen barnehage, Prestagardsskogen barnehage, Sævarhagen FUS barnehage og Villvettete Friluftsbarnhage (lokalisert på Hystad og Rommetveit). Skuletilbod er relatert til Hystad skule, Rommetveit skule og Nordbygdo ungdomsskule. Av kulturtilbod kan nemnast tilgang til bibliotek på Nordbygdo ungdomsskule, i tillegg til vanleg tilgang til skulebiblioteka ved Hystad og Rommetveit. Ungar i Nordbygdo har vidare tilgang til to lokale skulekorps, Rommetveit skulekorps for elevar ved Rommetveit skule og Stord skulekorps for elevar ved Hystad skule (delt med Leirvik skule). Forsamlingslokalet Samhald vert nytta til ymse lokale arrangement.

¹⁷ Håvåsen, Ådland, Hystadvikjo, Sævarhagen, Tyselio, Haga, Økland, Knappane, Lunde, Agdestein.

Nyleg opparbeidd uteområde kring Nordbygdo ungdomsskule har godt tilrettelagte område for uorganisert aktivitet både i skuletida og i fritida, med blant anna klatreanlegg og anlegg for rullebrett.

Idrettslege aktivitetstilbod for barn og unge er først og fremst knytt til Prestagardsskogen idrettspark. Idrettslaget Trott har eit breitt tilbod innafor fotball og har tilgjenge til både gras- og kunstgrasbane. Den nyleg opna Nordbygdohallen gir høve til andre aktivitetar som volleyball, handball og andre uorganiserte aktivitetar. I Prestagardsskogen er det også lokalisert innandørs skytebane for pistolskyting. Helseportløypa i Prestagardsskogen er eit tilbod mellom anna for eldre og funksjonshemma. I samband med hestesportløypa er det etablert eit alternativt miljø for ungdom med andre interesser enn tradisjonell idrett. Golfbana er også eit lokalt tilbod, men som først og fremst fremjar aktivitet i eldre aldersklassar.

4.10.4 Skuleveg

Avstand frå områda til Rommetveit skule er om lag 2 km. Avstand frå områda til Hystad skule er mellom 600-1000 meter. Det er relativt dårleg skuleveg til Rommetveit skule der små barn, til fots og med sykkel, kun har tilgang til fortau langs trafikkert veg til Rommetveit. Skulestart for dagen er parallell med undervisningsstart på Høgskolen Stord/Haugesund, med tilsvarende ekstra trafikk av studentar og tilsette ved høgskulen. Elevar frå områda som eventuelt skal til Rommetveit skule må også krysse veg for å nå fortau på austsida av Rommetveitvegen. For elevar frå Ørehaug Nord/Ørehaug som skal sørover til Hystad skule gjeld same problematikk med kryssing av trafikkert bilveg.

4.10.5 Golfbana

Prestagardsskogen golfbane har i seg mange positive kvalitetar både bruksmessig og estetisk. I forhold til barn og unge vil fleire barn i området mest sannsynleg auke bruken av golfbana som leike- og opphaldsområde. Dette vil gi høgare risiko for skade og ulukker i samband med golfspel. Konsekvensar knytt til bustadområda sin nærleik til golfbana er vurdert i eige avsnitt.

4.10.6 Vurdering av konsekvens

Det er fremja fire nye bustadområde som ligg nokolunde i same området i Nordbygda. Det er ikkje funne grunn for eigne vurderingar knytt til dei enkelte områda på dette plannivået, føresetnadane for barn og unge er tilnærma like for områda. Områda skal planleggjast frå grunnen. Det gir ein unik moglegheit til å leggja til rette for dei ulike arealføremåla, og gjera tilpassingar som gagnar målgruppa. Det er føresett at områda vert opparbeidd i samsvar med teknisk norm i Stord kommune med omsyn til uteareal og leikeplassar.

Dei fleste av dei ulike deltema i konsekvensutgreiinga har innverknad på born og unge sitt oppvekstmiljø. I det vidare planarbeidet må det særskilt leggjast vekt på tema som universell utforming, kriminalitetsførebyggande tiltak, folkehelse og sikker skuleveg.

Det er i hovudsak positive konsekvensar og ringverknader for born og unge av dei planlagde arealføremåla i Vestlio/Ørehaug/Ørehaug Nord området. For denne målgruppa er områda vurdert som godt eigna.

- | | |
|---|--|
| + | Områda har svært god tilgjenge til attraktive og varierte natur- og kulturområde. |
| + | Eksisterande skule- og idrettsområde i Prestagardsskogen er opparbeidd som eit nærmiljøanlegg med svært god tilrettelegging for både organisert og uorganisert aktivitet for barn og unge. |
| + | Barne- og ungdomsskule og barnehagar ligg tett på planområda. |
| - | Det er ikkje gjennomført barnetråkk undersøkingar i området. Områder innanfor planområdet som er nytta av born og unge i dag er såleis ikkje kartlagt. |
| - | Det er i dag ikkje tilstrekkeleg gode gang- og sykkelveggar til Rommetveit skule. |

Konklusjon: Positiv konsekvens (+)

Avbøtande tiltak:

- Det må setjast fokus på at type næringsaktivitetar skal vera tilpassa nærrområde med skule/barnehage og bustad.
- Fokus på trafikktryggleik, det er føresett planfri overgang frå bustadområde på nordsida av Vestlivegen som tilkomst til skular og idrettsanlegg.

Konsekvens av planforslaget med gjennomføring av avbøtande tiltak: Positiv konsekvens (+)

4.11 INFRASTRUKTUR

4.11.1 Sosial infrastruktur

Skule, barnehage og idrettsanlegg

Det er gode private og offentlege tilbod med omsyn på barnehage, skule, kulturtilbod, idretts- og friluftsliv i Nordbygdo. Eksisterande skular i området er Hystad skule sør for planområdet og Rommetveit skule nord-aust for området. Det er forventa at elevtalet med eksisterande bustadkonsentrasjon held seg stabilt i kretsen i åra framover. Elevar frå nybyggingsområde vil såleis koma i tillegg.

I Stord kommune er det per 01.01.2010 17 550 innbyggjarar. Av desse er 10,6 % i barneskulealder 6-12 år. For skuleåret 2010-11 er samla elevtal for Hystad skule 341 og 242 for Rommetveit skule. For dei komande tre åra føreset skulebruksplanen ein nedgang på elevtalet tilsvarande om lag 9 prosent for Hystad og 16 prosent for Rommetveit.

Tal på bustadeiningar er på dette stadiet av planprosessen ikkje avgjort. Det er likevel sannsynleg med fleire hundre einingar som vil gi auka elevgrunnlag. Skulane Hystad og Rommetveit vil kunne ta unna ei slik auke, jf Revidert skulebruksplan for Stord kommune 2008-2015. Som påpeikt ovafor viser skulebruksplanen at elevtalet, med små variasjonar, går nedover i dei næraste åra. Av dei to skulane er det Hystad som er mest pressa på elevtal og tilgjengeleg areal. Skulebruksplanen viser difor til endring av grenser mellom skulane som tiltak for å minske presset på Hystad skule.

Etablerte barnehagar i området er Dalen barnehage, Prestagardsskogen barnehage, Sævarhagen FUS barnehage og Villvettene Friluftsbarnhage (lokalisert på Hystad og Rommetveit). Høgskuleområdet på Rommetveit kan og truleg inkluderas i bydelsstrukturen, jf bibliotekfunksjon, idrettsanlegg og tilgjengelege lokale for ulike arrangement. Høgskulen er elles eit ressurs- og høgskulesenter for heile regionen, og slikt sett berre delvis samanfallande med lokale servicebehov.

Aktivitetstilbod

Private og offentlege service- og aktivitetstilbod i Nordbygdo er først og fremst knytta til Prestagardsskogen idrettspark. Idrettslaget Trott har eit breidt tilbod innafor fotball, og har tilgjenge til både gras- og kunstgrasbane. Den nyleg opna Nordbygdohallen gir høve til andre aktivitetar som volleyball, handball og andre uorganiserte aktivitetar. I Prestagardsskogen er det også lokalisert innandørs skytebane for pistolskyting. Helseportløypa i Prestagardsskogen er eit tilbod mellom anna for eldre og funksjonshemma. Golfbanen er også eit lokalt tilbod, som først og fremst fremjar aktivitet i vaksne aldersklassar.

I samband med hestesportløypa og miljøet kring islandshest er det etablert eit tilbod for ungdom med andre interesser enn organisert idrett.

Offentlege tenester som helsestasjon og bibliotek er lokalisert til Nordbygdo ungdomsskule. Etablerte barnehagar (private og offentlege), grunnskular, ungdomsskule og høgskule styrkjer bydelen som attraktiv for tilflytting og næringsutvikling. Post i butikk er lokalisert i Spar-butikken på Haga.

Vurdering av konsekvens

- | | |
|-----|---|
| + | Nærleik til skule og barnehage. |
| + | Eksisterande skular har samla sett kapasitet til å absorbere tilflytting. |
| + | Lokale aktivitetstilbod og friluftsgårder og idrettsanlegg bør gjere området attraktivt for nyetablering. |
| 0/- | Området Vestlio vil føre til redusert friområde ved Prestagardsskogen idrettspark, og i utgangspunktet redusere høve for framtidig utviding av idrettsanlegget. Planområdet er likevel redusert om lag til det halve i forhold til tidlegare planutkast. Terrengprofil for området i noverande planutkast gjer det også mindre eigna for eventuell utviding av idrettsanlegget. |

Konklusjon: Positiv konsekvens (+)

Avbøtande tiltak:

Det er ingen aktuelle avbøtande tiltak.

Konsekvens av planforslaget med gjennomføring av avbøtande tiltak: Positiv konsekvens (+)

4.11.2 Anna infrastruktur

Avgrensing og datagrunnlag.

Datamateriale når det gjeld kommunalteknisk infrastruktur er ikkje omfattande. Det er ikkje gjennomført faglige vurderingar og inngåande behovsanalyse på nettgrunnlaget. Opplysningar om manglande kapasitet/dekning er henta hjå Stord kommune og Sunnhordland kraftlag ved samtalar.

- Vegnett.
Sjå kapittel 4.7, Samordna areal- og transportplanlegging.
- Vassforsyning.
Vassleidningsnettet i området har pr. i dag ikkje kapasitet til å forsyne ei så omfattande utbygging. Ny nettfordeling med utgangspunkt ved hovudledning frå E39.
- Avlaupsvatn.
Avlaupsnettet i området har ikkje kapasitet til å dekke den føreslåtte utbygginga. Det må etablerast ny hovudvassledning mot Ådlandsvatnet og vidare mot Frugardselva til utslepp ved Møllebrua. Dette prosjektet vil også løyse avlaupsproblem frå nye utbyggingsområder i Austeråsen (Lønning) og Øvre Sæ.
- Overvatn.
Det meste av området har fall mot bekkesystem ved Ådlandsvatnet med kapasitet. For den delen av området som har fall mot Haga kan overvatn knytast til eksisterande overvatnsystem som nyleg er oppgradert.
- Energi/straumforsyning.
Utbygginga vil krevja fleire nye nettstasjonar med tilhøyrande høgspentanlegg. I tillegg vil utbygginga krevja omlegging i eksisterande høgspentanlegg. Krav om anleggsbidrag vert vurdert etter gjeldande satsar.
- Energi/gass.
SKL ønskjer å bygge ut gassforsyningsnett i området.
- Data/Tele.
SKL har to utgangspunkt for framføring av breiband. Eitt ved vegkrysset i innkjøring til Ørehaug og eitt ved Prestegarden trafo. SKL ønskjer å legge breiband i dei nye utbyggingsområda.

Kommunalteknisk infrastruktur dekker området aust for E39.

Vurdering av konsekvens

-	Ei utbygging ved Vestlio krev tilrettelegging av kommunalteknisk anlegg, vatn og avlaup. Noverande anlegg har ikkje kapasitet for nevnte utbygging.
+	Ei utbygging ved Ørehaug N. og S. kan igangsettast basert på noverande infrastruktur sidan områda er forholdsvis små.
0/+	Når det gjeld data/telekommunikasjon/breiband så finnest det i området frå før.

Konklusjon: Negativ konsekvens (-/+)

Avbøtande tiltak:

Sidan Vestlivegen treng å få tilført gang- og sykkelveg løysing er det naturleg å legge leidningsnett for avlaup- og vassdragsforsyning langs denne traseen sidan ein då kan kople seg på overordna leidningsnett/pumpestasjon både for vassforsyning og avlaupssystem.

Konsekvens av planforslaget med gjennomføring av avbøtande tiltak: (0/+)

5 OPPSUMMERING OG SAMANSTILLING

Dette innspelet omfattar areal til bustader på tre ulike areal; Vestlio, Ørehaug Nord og Ørehaug Sør. Dette innspelet var eit av fleire innspel til revisjon av kommuneplanens arealdel. Dei ulike innspela vart behandla av Formannskapet 17. februar 2010, og innspelet om utbygging i Nordbygdo vart på dette møtet vurdert til å kunne bidra til å dekke behovet for bustader i denne delen av kommunen. Det vert og peikt på ein del problemstillingar rundt ei slik utbygging som reduksjon av areal til landbruk og idrett og friluftsliv, samt nærleik til golfbana. Formannskapet ønskte difor at det vart utarbeidd ei konsekvensutgreiing for dei aktuelle områda.

Konsekvensutgreiingar på kommuneplannivå skal i følgje rettleiaren til Forskrift om konsekvensutgreiingar ha fokus på utgreiing på oversiktsnivå, heilskap meir enn enkeltområde, og lokalisering. Andre spørsmål krev gjerne meir detaljert informasjon om tiltaket for å kunne utgreiast, og slike problemstillingar høyrer heime på eit seinare planstadium i ein områdeplan eller reguleringsplan. Dette er og noko av bakgrunnen for at me har nytta ein tredelt skala for vurdering av konsekvens:

- Positiv konsekvens (+)
- Inga konsekvens (0)
- Negativ konsekvens (-)

Det er vurdert konsekvens for kvart av dei tre delområda; Vestlio (V), Ørehaug Sør (V.Ø.) og Ørehaug Nord (G). For kvart tema har me og vurdert moglege avbøtande tiltak eller retningslinjer/føringar for den vidare planlegginga av området for å redusere negative konsekvensar. Plannivået er overordna og vurderingane i konsekvensutgreiinga er basert på den arealbruken som er foreslått for området og lokaliseringa av desse arealføremåla i høve til eksisterande situasjon. I den vidare planlegginga av området er det mogleg å kompensere for ein rekke av dei negative konsekvensane gjennom ulike tiltak. Me har difor på bakgrunn av dei foreslåtte avbøtande tiltaka/retningslinjer/føringar gjort ein ny vurdering av konsekvens basert på at alle desse tiltaka vert gjennomført. Utfordringa vidare vert å implementert desse i detaljplanlegginga for området.

SAMANSTILLING

Totalt 11 tema inngår i konsekvensutgreiinga. Desse er delt inn etter to hovudtema; miljø og samfunn. For tema som inngår under miljø er det ein del negative konsekvensar. Dette er ikkje overraskande, og noko ein må forvente ved utbygging av eit ubygd område. Samstundes gjer dei ulike delutgreiingane vurderingar knytt til korleis dei negative konsekvensane kan reduserast og som vil vere viktig å ta med seg i den vidare detaljplanlegginga av området.

For dei ulike tema under samfunn er det både positive og negative konsekvensar. Dei positive konsekvensane er i fyrste rekkje knytt til barn og unges oppvekstvilkår og tilgjenge til uteområde. Negative konsekvensar er i stor grad knytt til ulike problemstillingar knytt til transport og reduserte ekspansjonsmoglegheiter for Nordbygdo idrettsanlegg.

Tabellen på dei to neste sidene samanstill konsekvensane knytt til kvart tema. Konklusjonen for kvart tema er vist med som + (positiv), 0 (inga) eller - (negativ) konsekvens. Tabellen syner og forslag til avbøtande tiltak/føringar for vidare planlegging som kan redusere dei negative verknadene av ein utbygging, samt vurdering av ny konsekvens basert på at alle desse tiltaka vert implementert i den vidare planlegginga av området og gjennomført. Tabellen er todelt der den eine delen syner konsekvensar knytt til miljø, mens den andre delen syner konsekvensar knytt til samfunn.

Miljø	Konsekvensar	V	Ø.S.	Ø.N.	Avbøtande tiltak/føringar og ny konsekvens	
Forureining					•	
Naturmiljø	<ul style="list-style-type: none"> 0 Ingen registrering av prioriterte naturtypar innanfor eller i influensområdet til planområdet 0 Ikkje registrert raudlista artar innanfor planområdet, jf. offentlege databasar 0 Planframlegget vil ikkje hindra jaktutøving eller trekkvegar for hjort - Direkte arealbeslag og reduksjon av leve-/funksjonsområde for flora og fauna. - Deler av dei to områda med eiketre innanfor planområdet Ørehaug Sør og Ørehaug Nord, vil verta redusert. 	-	-	-	<ul style="list-style-type: none"> • Ta vare på eksisterande kantvegetasjon ved delområda Ørehaug Sør og Ørehaug Nord • Avsette eit vegetasjonsbelte mellom ny busetnad og Vestlivegen, som vil fungera som ein korridor for vilt og flora for Vestlio • For Ørehaug Nord og Ørehaug Sør bør ein ta vare på eiketrea i kantsona i nord, samt nærmast turstien på delområda • Fokus på tynning, beskjerjing og avlastning for trekrona, i staden for fjerning av tre. 	-
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> 0 Auka bruk vil gje redusert attgroing i skogsmiljøet - Nærleik mellom aktivitets-, natur- og friområde og bustadar kan gje auka bruk og større slitasje - Nærleik mellom bustadar og idrettsanlegg kan bandlegga ekspansjonsmoglegheiter til anlegg - Ei fortetting av bustadar i nærleik til aktive anlegg og friområde innskrenkar randsonene i mellom bustad og natur-/friluftsområde. 	0/-	0	0	<ul style="list-style-type: none"> • Der bustadområda kjem til å ligge over gamle tur- og stiareal, kan det vere behov for å lage til nye stiar i grøntområder og randsoner. • For å hindre slitasje på natur kan ein tilrettelegge opparbeidde turstiar og avgrense turvegar for å begrense slitasje og auke tilgjengelegheita for alle 	0
Kulturminne - kulturmiljø	<ul style="list-style-type: none"> 0 Vestlio, Ørehaug Sør og Ørehaug Nord har ingen konsekvens for Gamle Tyse gard 0 Vestlio og Ørehaug Sør har ingen konsekvens for Tyse Prestagard 0 Vestlio, Ørehaug Sør, Ørehaug Nord har ingen konsekvens for automatisk freda kulturminne 0 Vestlio har ingen konsekvens for Valdaivegen 0 Ørehaug Nord og Ørehaug Sør har ingen konsekvens for Vestli 22/7 0 Ørehaug Sør har ingen konsekvens for kulturlandskapet 0 Ørehaug Sør og Vestlio har ingen konsekvens for nordre Tveita gardane 0/- Ørehaug Nord og Ørehaug Sør har visuell konsekvens for Valdaivegen 0/- Vestlio har visuell konsekvens for Vestli 22/7 0/- Ørehaug Nord har visuell konsekvens for kulturlandskapet 0/- Ørehaug Nord har visuell konsekvens for nordre Tveita gardane 0/- Ørehaug Nord har visuell konsekvens for Tyse Prestagard - Vestlio øydelegg steingard i kulturlandskapet 	-	0	0/-	<ul style="list-style-type: none"> • Unngå øydelegging av steingard i innspelsområdet Vestlio. • Ikkje etablering av bygg med fleire etasjar i innspelsområdet Ørehaug Nord. Etablering på eit platå vil verka dominerande for både kulturlandskapet og kulturmiljø som Prestagarden, Valdaivegen og Tveita gardane 	0/-
Landskap	<ul style="list-style-type: none"> + Ved Ørehaug Nord og Ørehaug Sør bevarast dei store trea og terrengformasjonen mot golfbana, samt grøntbelte mellom bustadområda og bana + Bustadområda Ørehaug Nord og Ørehaug Sør er godt tilpassa i det at dei ligg ved sidan av eksisterande bustadområde - Tiltaket fører til meir utbygd areal som aukar den negative kontrasten i landskapet mellom kultur-/naturlandskap og moderne bylandskap. - Vestlio er ikkje godt tilpassa til dei eksisterande bustadområda 	-	-	-	<ul style="list-style-type: none"> • Utforming av grøntbeltet ved Ørehaug Nord og Ørehaug Sør med omsyn til turvegen, og sjå til at det er tett nok til å skjerme for golfbana og dei opne områda mot vest • Reduksjon i utnyttingsgrad til spreidd busetnad, og bevare mest mulig vegetasjon • Etablering av ny vegetasjon på hoggflata som i hovudsak består av skog ved Vestlio for å dempe den negative effekten 	-
Jordressursar	<ul style="list-style-type: none"> 0 Ingen skogressursar går tapt for Ørehaug Sør og Ørehaug Nord 0 Ingen jordbruksressursar går tapt for Vestlio 0 Ørehaug Nord og Vestlio grensar til, men er ikkje definert som kjerneområde for landbruk - Avgang fulldyrka mark og innmarksbeite for Ørehaug Sør og Ørehaug Nord - Avgang areal med potensiale for etablering av produktiv barskog på mark av særst høg bonitet Vestlio - Ørehaug Sør er definert som kjerneområde for landbruk 	-	-	-	<ul style="list-style-type: none"> • Ingen aktuelle avbøtande tiltak 	-

Samfunn	Konsekvensar	V	Ø.S.	Ø.N.	Avbøtande tiltak/føringar og ny konsekvens	
Samordna areal- og transport-planlegging	<ul style="list-style-type: none"> + Det er fleire viktige funksjonar innanfor gang- og sykkelavstand frå det planlagde bustadområdet Ørehaug Sør og Ørehaug Nord ligg innanfor norma for avstand mellom haldeplass og bustadområde + Ørehaug Sør og Ørehaug Nord ligg innanfor tettstadarealet og kan verte betrakta som fortetting + Ørehaug Sør og Ørehaug Nord har god tilkomst til fortausløysingar langs Vestliven (aust) og Hystadvegen/Rommetveitvegen - Ørehaug Sør og Ørehaug Nord medfører i lite grad auka trafikk på lokalvegnettet, men det bør etablerast fortausløysingar langs Ørehaugsvegen - Vestlio ligg utanfor tettstadsarealet, i eit ubygd område - Eksisterande kollektivtilbodet kan ikkje betene det nye bustadområdet i Vestlio - Manglande løysingar for gåande og syklande langs Vestliven, og mot Haga, Rommetveit og Leirvik - Vestlio medfører noko auka trafikk som kan medføre ytterligere fare for fleire ulykker - Vestlio medfører auka trafikk i kryss mellom E39 og fv. 58 som kan medføre fleire ulykker i krysset 	-	-	+	<ul style="list-style-type: none"> • Omlegging av bussruter og etablering av nye haldeplassar slik at Vestlio vert tilgjengeleg med kollektivtrafikk, utan at det går utover eksisterande ruteilbod • Sikre gode løysingar for gåande og syklande mot viktige målpunkt der det ikkje er tilfredsstillande i dag • Redusere fartsgrense langs fv. 58 Vestliven frå 70 km/t til 50/60 km/t. • Redusert fartsgrense frå 50 km/t til 40 km/t og etablere miljøgategatiltak i Hystadvegen og Rommetveitvegen, med sykkelfelt og eit utbetra tilbod for gåande. Dette vil redusere gjennomkjøringstrafikken og sikre dei mjuke trafikantane langs denne strekninga • Undergang/overgang E39 og opphøyd gangfelt Vestliven • Krysset mellom fv. 58 Vestliven og E39 må vurderast. Tiltak er nødvendig for å redusere talet på ulykker. 	+
Tilgjenge til uteområde	<ul style="list-style-type: none"> + Tilgang til universelt utforma turveg i nærområdet til det planlagde bustadområdet + God tilgang til turvegar og turområde + Grøne korridorar og turvegar knytter det planlagde bustadområdet saman med turområde som Ådlandsvatnet, Vatnadalen og Hundsåsen + Fleire utandørs aktivitets- og fritidstilbod i nærområda 0 Planen vil ikkje føre til endra tilgjengelegheit til omkringliggjande turområde - Kryssing av vegar og ferdsel langs vegar utan tilrettelagde løysingar utgjør barrierar for bruk 	+	+	+	<ul style="list-style-type: none"> • Redusere vegars barriererfunksjonar gjennom etablering av opphøgd gangfelt Vestliven, undergang E39 og fortau/gang- og sykkelveg langs Vestliven og E39. • Sikre universelle tilkomst, bygningar og infrastruktur i den vidare planlegginga 	+
Nærleik til golfbane	<ul style="list-style-type: none"> + Nærleik til eit attraktivt aktivitetsstilbod + Golfbana er eit mykje brukt område for skigåing og aking om vinteren - Risiko for at golfballar vert slått slik at dei hamnar innanfor bustadområdet på Ørehaug Nord - Oppleving av utryggleik for bebuarar på Ørehaug Nord knytt til bruk av både private og felles uteområde 	+	+	-	<ul style="list-style-type: none"> • Tryggleiknett der vegetasjonen ikkje er høg og tett nok til å stoppe golfballar, og der det ikkje er tilstrekkeleg bufferavstand mellom bustadområde og golfbane • Gjerde mellom golfbane og bustadområde for å sikre at barn og unge ikkje nyttar området til leikeområde 	+
Barn og unges oppvekst-vilkår	<ul style="list-style-type: none"> + Svært god tilgjenge til attraktive og varierte natur- og kulturområde + Skule- og idrettsområde i Prestagardsskogen er opparbeidd som eit nærmiljøanlegg med svært god tilrettelegging for både organisert og uorganisert aktivitet for barn og unge + Barne- og ungdomsskule og barnehagar ligg tett på planområda - Det er ikkje gjennomført barnetråkkundersøking, område innanfor planområdet som er nytta av born og unge i dag er ikkje kartlagt - Det er i dag ikkje tilstrekkeleg gode gang- og sykkelveggar til Rommetveit skule 	+	+	+	<ul style="list-style-type: none"> • Det må setjast fokus på at type næringsaktivitetar skal vera tilpassa nærområde med skule/barnehage og bustad • Fokus på trafikktryggleik, det er føresetta planfri overgang frå bustadområde på nordsida av Vestliven som tilkomst til skular og idrettsanlegg 	+
Sosial infrastruktur	<ul style="list-style-type: none"> + Nærleik til skule og barnehage + Eksisterande skular har samla sett kapasitet til å absorbere tilflytting + Lokale aktivitetsstilbod og friluft- og idrettsanlegg gjer området attraktivt 0/- Vestlio vil redusere friområde ved Prestagardsskogen idrettspark, og i utgangspunktet redusere høve for framtidig utviding av idrettsanlegget 	+	+	+	<ul style="list-style-type: none"> • Ingen aktuelle avbøtande tiltak 	+
Anna kom.tekn.infrastruktur	<ul style="list-style-type: none"> 0/- Vassforsyning: Delvis manglande forsyningskapasitet 0/- Avlaup: Delvis manglande avlaupskapasitet 0/- Energi: Hovudnett i området – forsyningsnett manglar delvis 0/- Data/tele: Manglar i dag delvis men vert framført uavhengig av ny arealbruk Nordre og sørre Ørehaug kan pga sitt beskjedne omfang knytast til eksisterande infrastruktur 	-	+	+	<ul style="list-style-type: none"> • Ny forsyningsleidning opp langs Vestliven frå E39. • I same grøft (vassforsyning) langs Vestliven må det leggest ny avlaupsleidning til pumpestasjon ved Ådlandsvatnet. Dette nettet vil kunne dekke all utbygging for Vestlio og Ørehaug. • Ny hovudstruktur må etablerast – løysing uavklart. • Denne type datanett/breiband fins i området og må leggest i nye grøfter saman med anna infrastruktur fram til omr. Slike nett fins i omr. ved Ørehaug. 	+